

PERSPEKTIVER PÅ EIENDOM

KJETIL STEINSHOLT

(RED.)

FORORD.

Ifølge kirkefar og filosof St. Augustin, fantes det i Edens hage ingen stat, ingen eiendom og ingen lover. Men så kom det beryktede Syndefallet. Paradisets harmonitilstand ble rystet. Mennesket ble ristet løs fra Edens naturlige bånd, og Gud selv bestemte at denne synd skulle holdes i sjakk gjennom en streng statlig autoritet. Statens midler var forskjellige former for maktbruk. Den viktigste formen var ifølge St. Augustin begrensningen av tilegnelse av "goder" gjennom ideen om privat eiendom. På denne måten så han innføringen av privat eiendomsrett og andre kontrolltiltak som en nødvendig følge av at mennesket smakte på kunnskapens tre og tok steget inn i historien og sivilisasjonen. Men Augustins refleksjoner fra 300-tallet er ikke blitt stående uimotsagt: Noen hevdet at selv om mennesket ikke hadde syndet, så ville den private eiendom og andre kontrollmekanismer ha oppstått allikevel. Andre tillot seg å mene at privat eiendom eksisterte før Syndefallet som noe "naturlig og godt", som ville føre samfunnet mot felles mål og goder, og det til tross for at mennesket syndet.

Men i tidens løp er det ikke diskusjonen om privat eiendom oppstod før eller etter Syndefallet som har stått sentralt. Eiendomsbegrepet selv har vist seg å være svært komplisert. Til tider kan vi undres på om det i det hele tatt finnes noen tilnærmet entydige svar på spørsmålet om hva eiendom er. Ikke engang når det gjelder å finne et almenngyldig grunnlag å vurdere eiendomsbegrepet ut fra, har man hatt særlig suksess. De teoretiske eiendomsdiskusjonene har i stor grad levd i spørsmålene. Der noen har funnet svar, reiser det seg over tid bare nye spørsmål. Annerledes synes det å være innenfor den politiske diskusjon, der eiendomsbegrepet stort sett blir tatt for gitt, og brukes som om det skulle være enkelt, entydig og avklart.

Den danske juristen Vinding Kruse skriver i sitt store trebindsverk om "Eiendomsretten" fra 1945 at "der i debatten om de sociale systemer, på offentlige møder og i pressen saavel som i bøgerne, staar som bekendt et stort grundbegreb: Eiendomsretten". Han påpeker videre at eiendomsbegrepet er svært kontroversielt: "Kampen om begrebet bølger frem og tilbage, i angrep og forsvar. Men at forsøge paa en indgaaende undersøgelse af, hvilke fænomener i erfaringen der ligger bag dette begreb, har tiden i sit hastværk og sin udvendighed forsømt. Følgen er, at den ene forfatter eller agitator ofte taler i øst og den anden i vest, den ene har, naar han taler om ejendomsretten, uklart visse fænomener i hovedet, medens den, han debatterer med, lige saa uklart tænker paa helt andre fænomener, og saadanne intellektuelle forhold gav jo alle dage udmærkede betingelser for en lidenskabelig debat".

Ideen om eiendom kan betraktes som et isfjell. Den er mer komplisert enn den ser ut til, og det mest komplekse (og kanskje mest interessante?) ligger under overflaten.

Den viktigste grunnen til at vi på Institutt for jordskifte og arealplanlegging ved Norges Landbrukshøgskole har utarbeidet dette kompendiet, er at vi i undervisningen har hatt trang til å gi studentene en bredere fremstilling, som kan gi innsyn i eiendomsbegrepet ut fra andre synsvinkler enn det rent juridiske. Vi ønsker å diskutere eiendomsbegrepet slik det har fremstått og fremstår innenfor en større samfunnsvitenskapelig kontekst. Dette er, for det første, nødvendig i et studium som tar sikte på å gi innsyn i eiendomsretten- og eiendomsforholdenes funksjon for den faktiske arealbruk, for areal- og ressursforvaltning generelt og for "våre" spesialfelt som jordskifte, fysisk planlegging, verdsetting og ekspropriasjon spesielt. For det andre er det viktig å få et mer nyansert bilde av institusjonen eiendom, som jo på en grunnleggende måte har vært, og er med på å skape og utvikle det vi kan gi betegnelsen et samfunn.

Kompendiet vil i løpet av høsten 1990, hvis alt går etter planen, bli utgitt i bokform. Det er derfor viktig for oss at vi får inn risende og rosende kommentarer før verket settes inn mellom to stive permer (og blir glemt?). Skal boken bli bedre, og bidragsyterne få ytterligere tro på seg selv, er dette viktig.

Turid Gjerstad Dolvik har vært både tålmodig og dyktig gjennom hele tekstbehandlingsprosessen. Takk skal du ha.

NLH, august 1989.

Kjetil Steinsholt (redaktør)

INNHOOLD

DEL I: ET SOSIOLOGISK OG ANTROPOLOGISK PERSPEKTIV.....s.	1
 KAPITTEL 1: EIGEDOMSINSTITUSJONEN SOM STYRINGSINSTRUMENT av Erling Berge.....s.	 2
1. Ein introduksjon til studiet av eigedoms- institusjonen.....s.	 2
1.1 Kva er eigedomsteori?.....s.	3
1.2 Kva er eigedom?.....s.	6
1.2.1 Daglegspråk.....s.	6
1.2.2 Juridisk språkbruk.....s.	8
1.3 Makt og eigedom.....s.	10
1.4 Eigedom i økonomisk teori.....s.	12
1.5 Viktige karakteristika av eigedom.....s.	14
2. Eigedom i komparativt perspektiv.....s.	16
2.1 Eigedom i historisk og sosialantropolog- isk perspektiv.....s.	17
2.1.1 Idehistorie og utviklingstru.....s.	18
2.1.2 Eigedom i ulike kulturar.....s.	19
3. Eigedom som ideologisk fenomen.....s.	21
3.1 Filosofisk grunngjeving av eigedom.....s.	21
3.1.1 Ideologiproduksjon.....s.	21
3.1.2 Arbeidsargument 1 (nyskapings- argumentet).....s.	23
3.1.3 Arbeidsargument 2 (forteneste- argumentet).....s.	23
3.1.4 Nytteargumentet.....s.	24
3.1.5 Argument frå politisk fridom.....s.	25
3.1.6 Andre argument som har vore lagt fram.....s.	25
3.2 Korleis grunngjev vanlege folk eigedoms- rettar.....s.	26
4. Sosiologiske omgrep for studiet av eige- domsinstitusjonen.....s.	28
4.1 Samfunnet.....s.	29
4.2 Kultur.....s.	29
4.3 Aktør og handling.....s.	31
4.4 Ressursar, prosessar og strukturar.....s.	33
4.5 Den elementære forma av sosiale strukturar.....s.	36
4.6 Aggregering av prosessar.....s.	37
4.7 Makt.....s.	39
4.7.1 Fysisk makt.....s.	41

4.7.2 Økonomisk makt.....s.	41
4.7.3 Ideologisk makt.....s.	42
4.7.4 Kunnskapsmakt.....s.	42
4.7.5 Statsmakt.....s.	43
4.8 Konklusjon.....s.	45
5. Institusjonell økonomi og fordelinga av eigedomsrettar.....s.	46
5.1 Økonomisk utviklingshistorie.....s.	46
5.2 Spelteoretisk vurdering av privat eige versus allmenning.....s.	47
5.2.1 Spelet om allmenningen.....s.	49
5.2.2 Transaksjonskostnader.....s.	50
5.2.3 "The open field system".....s.	51
5.2.4 Uthalarspelet.....s.	52
5.2.5 Skatt for å dekkje transaksjons- kostnadene.....s.	54
5.2.6 Gratisspassasjereren.....s.	54
5.2.7 Mange gratisspassasjerar gir eit nytt spel.....s.	55
5.3 Konklusjon.....s.	57
6. Den samfunnsmessige definisjonen av eigedomsrettane.....s.	59
6.1 Innleiing.....s.	59
6.2 Aktøren sin verdiprofil.....s.	65
6.3 Den samfunnsmessige definisjonen av eigedom.....s.	68
Litteratur.....s.	69
KAPITTEL 2: EIENDOMSTEORI OG PLANLEGGING. (Om eiendoms- markedets innvirkning på planlegging eller planleggingens innvirkning på markedet) av Morten Edvardsen.....s.	73
1. Innledning.....s.	73
2. Om relasjonene mellom eiendom og planlegging.....s.	74
2.1 To perspektiver.....s.	74
2.2 Fordelingsvirkninger.....s.	77
2.3 Noen sentrale begreper.....s.	78
3. Refusjon, repartisjon og erstatning.....s.	81
4. Statlig styring av arealbruk.....s.	84
5. Eiendomsutvikling.....s.	87
5.1 Eiendomsutvikling og byggebransjen.....s.	87
5.2 Mer om eiendomsutvikling.....s.	95
6. Marxistisk kritikk.....s.	97

7. Ideologi og planleggerrollen.....	s.102
7.1 Aktørene i arealspillet.....	s.102
7.2 Rolleskifte.....	s.103
Litteratur.....	s.107

**KAPITTEL 3: RETTIGHETER, OPPGAVER OG RESSURSER - TRE
FORUTSETNINGER FOR LIKEVERD I ETNISK
SAMMENSETTE STATSSAMFUNN**

av Georg Henriksen.....	s.113
1. Innledning.....	s.113
2. Hvem definerer rettigheter.....	s.115
3. Forhandlingssituasjoner: Splittelse mellom urbefolkninger.....	s.116
3.1 Landrettighetsprosessene på Labrador- halvøya.....	s.117
4. Et alternativt rettslig utgangspunkt: Lokal sedvanerett.....	s.120
4.1 Naskapienes rettsoppfatning.....	s.123
4.2 Hvordan fungerer et slikt system?.....	s.126
5. Mangel på organisatoriske ressurser.....	s.127
6. Politisk anerkjennelse - retten til å være forskjellig.....	s.129
Litteratur.....	s.130

DEL II: ET FILOSOFISK PERSPEKTIV..... s.133

KAPITTEL 1: OM RETTEN TIL PRIVAT EIENDOM.

En introduksjon av Locke, Nozick og Rawls. av Kjetil Steinsholt.....	s.134
1. Innledning: Eiendomsrett og samfunn.....	s.134
1.1 Det kan umulig eksistere samfunn uten eiendomsrett.....	s.137
2. Tilbake til naturtilstanden: John Locke....	s.139
2.1 Naturtilstanden og den private eiendom....	s.140
2.2 Eiendom og arbeid.....	s.142
2.3 Eiendom, arbeid og retten til eget liv....	s.144
2.4 Eiendom, arbeid og naturtilstanden.....	s.146
2.5 Eiendom og belønning. Kommentarer til Beckers Locke-tolkning.....	s.148
2.5.1 Beckers reformulering av arbeidsteorien.....	s.151

2.5.2 Er verdien av arbeid en økonomisk verdi?.....	s.153
2.6 Ettertanker.....	s.156
3. Den "ville" liberale anarkist:	
Robert Nozick.....	s.157
3.1 Den "minimale stat" og eiendom.....	s.157
3.2 Rettferdighet og eiendom.....	s.158
3.3 Kan vi gjøre hva vi vil med vår eiendom?..	s.160
3.4 Ettertanker.....	s.162
4. Rettferdighet som "rett og rimelig":	
John Rawls.....	s.163
4.1 To rettferdighetsprinsipper.....	s.164
4.2 Den opprinnelige posisjon.....	s.166
4.3 Uvitenhetens slør.....	s.167
4.4 Retten til privat eiendom.....	s.170
4.5 Mellombetraktninger.....	s.173
4.6 Rammer for anvendelse av rettferdighetsprinsipper.....	s.174
4.7 Eiendomsrett og frihetsformer.....	s.175
4.8 Felleseie vs. privat eie.....	s.177
4.9 Privat eiendom og forskjellsprinsippet.....	s.180
4.10 Ettertanker.....	s.182
5. Avslutning.....	s.183
Litteratur.....	s.185

KAPITTEL 2: "AVSKAFF DEN PRIVATE EIENDOMSRETEN"

En introduksjon til Karl Marx av Kjetil Steinsholt.....	s.187
1. Hegel og en private eiendom.....	s.188
1.1 Abstrakte rettigheter.....	s.189
1.2 Eiendom som individuell "selv-erkjennelse".....	s.190
1.3 Dominans over naturen.....	s.191
1.4 Eiendom basert på vilje.....	s.192
2. Marx og privat eiendom.....	s.193
2.1 Marx kritikk av Hegels syn på privat eiendom.....	s.194
2.2 Den enkle vareproduksjon.....	s.196
2.3 Overganger til kapital.....	s.197
2.4 Penger som byttemiddel.....	s.198

2.5 Penger og menneskelige relasjoner.....	s.200
2.6 Forskjellige eiendomsformer.....	s.201
2.7 Mellombetraktninger.....	s.203
2.8 Marx - eiendom - frihet.....	s.204
2.8.1 Kontroll over egne. livsbetingelser.....	s.205
2.8.2 Frihet gjennom selv- objektivering.....	s.205
2.8.3 Frihet gjennom samarbeid.....	s.207
2.8.4 Frihet og landeiendom.....	s.208
2.8.5 Er kapitalismen urettferdig?.....	s.208
2.9 Kapitalismen som mellomform.....	s.211
2.10 Fremmedgjøring.....	s.212
2.10.1 Den revolusjonære praksis.....	s.214
2.10.2 Den menneskelige natur.....	s.215
2.10.3 Nei til statskommunisme.....	s.216
2.10.4 Privat eiendom som en bestemt relasjonstype.....	s.219
3. Avslutning.....	s.221
Litteratur.....	s.222

DEL III: ET JURIDISK PERSPEKTIV.....s.225

KAPITTEL 1: KLØYVD EIGEDOMSRETT.

av Knut Robberstad.....	s.226
1. Innledning.....	s.226
2. Kløyvd eiedomsrett/total eiedomsrett.....	s.227
3. Total eiedomsrett utvikla frå Romerretten.....	s.228
4. Kløyvd eiedomsrett i gamal norsk rett.....	s.229
5. Teoriutvikling bort frå kløyvd eiedomsrett.....	s.230
6 "Restretten" - ofte ein bagatell som blir hovudsak.....	s.231
7. Eiedomsretten fylgjer utnyttingsmåten som sist vart utskift?.....	s.231
8. Fortolkning av serlege umstende.....	s.233
9. Umsyn til lokal synsmåte på kløyvd eiedomsrett.....	s.233

KAPITTEL 2: "KLØYVD EIGEDOMSRETT" OG UTSKIFTNING AV OMRÅDER MED FALLRETTIGHETER.

av Daniel Rogstad.....	s.235
1. Innledning.....	s.235

2. Noen alminnelige synspunkter på dagens eiendomsrettsbegrep.....	s.236
3. K.E. og fortolkningen av gamle utskiftninger.....	s.238
4. Nærmere om utskiftning av områder ved vannfall.....	s.239
5. Noen sluttmerknader til rettspraksis.....	s.241

KAPITTEL 3: NOMADISME OG EIENDOMSRETT.

av Geir Hågvar.....	s.245
1. Oppfatninger, bruksrett - eiendomsrett.....	s.246
1.1 Statsgrunn - forutsetningen.....	s.246
1.2 Samiske organers syn.....	s.248
1.3 Skattefjällsmålet og norske forhold.....	s.252
2. Det kommer an på rettstenkningen.....	s.253
2.1 Oppgaven.....	s.253
2.2 Peter Schnitler og andre på 1700-tallet...	s.254
2.3 Even Saxlund 1844.....	s.255
2.4 Høyesterett 1862.....	s.257
2.5 Fredrik Stang 1917.....	s.259
3. Bidrag til rettsbedømmelsen.....	s.262
3.1 Tre synspunkter.....	s.262
3.2 Overgangen til bofasthet vinterstid på Finnmarksvidda.....	s.263
3.3 Rettsoppfatningen. Forholdet mellom flyttsamer og fastboende på vidda.....	s.265
3.4 "Vi har førsteretten".....	s.267
3.5 Samenes bruk bedømt som flerbruk.....	s.268
4. Sammenfatning og utsyn.....	s.271
Litteratur.....	s.272

KAPITTEL 4: "EIGEDOMSRETTE TIL GRUNN - KREV UTVIKLINGEN ENDRINGAR?"

av Olav Lid.....	s.273
1. Innleiing.....	s.273
2. Kva er eigedomsrett?.....	s.274
2.1 "Øjeblikksbilder" av eigedomsretten.....	s.275
2.2 Eigedomsretten, samfunnets grunnlag.....	s.275
2.3 Litt eigedomshistorie.....	s.276
2.4 Ei funksjonell grunngjeving av eigedomsretten.....	s.278

2.5 Grenser for eigarråderetten.....	s.279
2.6 Kva er igjen av grunnlovsvernet for eigedomsråderetten.....	s.280
3. Litt om eigar og bruksrettshavar.....	s.281
3.1 Egedomsrett - bruksrett.....	s.282
3.2 Restriksjonar mot visse bruksrettar.....	s.283
3.3 Eigar - bruksrettshavar.....	s.284
4. Kven skal ha verdauken av grunnen?.....	s.285
4.1 Oreiging til lukrative formål.....	s.286
4.2 Innvendingar mot grunnerstatningar.....	s.287
5. Egedomsretten og ressursutnyttinga.....	s.289
5.1 Kritikk av egedomsretten.....	s.289
5.2 Kan privat egedomsrett føre til ressursøyding?.....	s.291

DEL IV: ET ØKONOMISK PERSPEKTIV.....s.293

KAPITTEL 1: EIGEDOMSTEORI OG EIGEDOMSUTFORMING.

av <i>Hans Sevatdal</i>	s.294
1. Innleiing.....	s.294
2. Transaksjonskostnader.....	s.299
3. Problem avleidde frå transaksjons- situasjonen.....	s.305
3.1 Gratisspassasjerproblemet.....	s.305
3.2 Uthalarproblemet.....	s.306
3.3 Allmenningens tragedie.....	s.306
3.4 Internalisering av eksternaliteter.....	s.307
4. Dagsaktuelle uløyste problem.....	s.309

KAPITTEL 2: STUKTUR OG ØKONOMI. TEORETISKE PERSPEKTIVER PÅ EIENDOMSFORHOLD I LANDBRUKET.

av <i>Sigurd Rysstad</i>	s.311
1. Innledning.....	s.311
2. Generelle betraktningar.....	s.312
2.1 Sentrale eiendomsbegreper.....	s.312
2.2 Teoretisk utgangspunkt.....	s.315
2.2.1 Nærmere om eksternaliteter, gratis- passasjerer og "hold-out"- problemer.....	s.319
2.2.2 Generelt om markedssvikt.....	s.321
2.2.3 Frivillige samarbeidsløsningar - en illusjon?.....	s.324

3. Agrar struktur og økonomisk utvikling.....	s.328
3.1 Innledning.....	s.328
3.2 Årsaker til stivhet i strukturen.....	s.328
3.3 Strukturelle hindringer for økonomisk utvikling.....	s.330
3.4 Sentrale komponenter i agrare strukturer..	s.331
3.5 En teori om strukturell endring.....	s.333
3.6 Mellombetraktninger.....	s.336
4. Teigblanding, allmenning, sameie og utskifting.....	s.338
4.1 Det økonomisk rasjonale for teigblanding og sameie.....	s.341
4.2 Noen utskiftingsteorier.....	s.349
4.3 Teigblanding, utskifting og økonomisk utvikling.....	s.356
4.3.1 Det åpne jordbruks innvirkning på den økonomiske utviklinga.....	s.356
4.3.2 Faktorer som kan tenkes å forårsake oppløsning av det åpne jordbruk.....	s.357
4.3.3 Det strukturelle endringsforløp er avhengig av historisk gitte strukturer.....	s.360
5. Leie av jord og arbeidskraft.....	s.361
5.1 De økonomiske klassikeres syn på jordleie og sjøleie.....	s.363
5.2 Jordleie og sjøleie i nyere økonomisk teori.....	s.367
5.3 Kontraktstruktur og økonomisk utvikling...	s.370
6. Neo-marxistiske og neo-populistiske perspektiver på strukturell endring i jordbruket.....	s.373
7. Avslutning.....	s.377
Litteratur.....	s.378

DEL I

ET SOSIOLOGISK OG ANTROPOLOGISK PERSPEKTIV

Kapittel 1: Egedomsinstitusjonen som styringsinstrument.
Av: *Erling Berge*.

Kapittel 2: Eiendomsteori og planlegging.
Av: *Morten Edvardsen*.

Kapittel 3: Rettigheter, oppgaver og ressurser - Tre
forutsetninger for likeverd i etnisk sammen-
satte statssamfunn.
Av: *Georg Henriksen*.

Erling Berge:

EIGEDOMSINSTITUSJONEN SOM STYRINGSINSTRUMENT

1 EIN INTRODUKSJON TIL STUDIET AV EIGEDOMSOMGREPET.

Eigedom er ein sentral kategori for alle menneskje. Vi møter det frå vi er i stand til å oppfatte skiljet mellom mitt og ditt. Men den daglegdagse innsikten vi alle har skaffa oss om kva eigedom er for noko, gjer det også til eit vanskeleg omgrep i vitskapeleg samanheng. Når vi møter andre kulturar eller studerer andre tidbolkar vil vi fort oppdage at folk i andre tider og i andre samanhengar har oppfatningar om kva eigedom er for noko som er svært ulik våre egne. Eigedom viser seg å vere eit kulturspesifikt omgrep. Dette reiser med ein gong spørsmålet om kva samband det finst mellom ein kultur og eigedomsgrepet i kulturen. Men det første steget vert likevel å gå attende til den daglegdagse innsikten vår i kva eigedom er for noko for å analysere kva som eigentleg ligg i omgrepet og kanskje omforme den til eit omgrep som kan nyttast i studiar av ulike tidbolkar og ulike kulturar.

Som eit utgangspunkt for denne diskusjonen skal vi studere det følgjande sitatet frå den kjende engelske historikaren Tawney (1921, side 50). Han konstaterer at

"Eigedom er ein svært mangetydig kategori. Den dekkjer ei mengd rettar som ikkje har anna felles enn at dei er utøvd av personar og garantert av staten. Utanom desse formale karakteristika varierer dei uendeleg i økonomisk karakter, i samfunnsmessige konsekvensar og i moralsk grunngjeving. Dei kan vere betinga som når ein får tilstått patentrettar, eller absolutte som eigarrettar til jordrente, dei kan vere

tidsavgrensa som copyrettar eller permanente som jordeige, dei kan vere altomfattande som monarken sine rettar til landet sitt eller avgrensa som eit servitutt, dei kan vere så intime og personlege som eige av klede eller bøker eller så fjerne og usynlege som aksjar i ei gullgruve eller ein gummiplantasje."

Sidan vi alle på sett og vis veit dette som ein del av allmenninnsikten vår i samfunnet, er det nokså merkverdig at vi i daglegttale og allment samfunnsliv har så lett for å tenkje på og tale om eigedom som om det var ein enkel og eintydig kategori.

Men korleis skal vi starte for å finne ut meir om kva eigedom er for noko? Finn vi svaret i eigedomsteorien?

1.1 KVA ER EIGEDOMSTEORI?

Nokon etablert og eintydig "Eigedomsteori" finst ikkje. Dei fleste samfunnsfag har bitar som tar opp eigedom til teoretisk diskusjon. I denne samanhengen har vi samfunnsplanlegging i bakhovudet og skal freiste å sjå på eigedomsinstitusjonen i høve til planlegging og samfunnsstyring. Om vi ut frå det freistar å vurdere kva eigedomsteori burde indikere trur eg følgjande kan seiast.

Eigedomsteori bør i det minste kunne

- forklare kva eigedom er for noko, t.d.: eigedom i høve til besittelse, eigedom i høve til nytte, eigedom i høve til fordringar
- gi oss hypotesar om den historiske utviklinga av eigedom innan ulike kulturar, t.d.: korleis kan menneskje bli eigedom og kvifor vert det forbode, kvifor er privat individuell jordeige så dominerande som eigeform gi oss hypotesar om den samfunnsmessige rolla til eigedom og den samfunnsmessige dynamikken i utviklinga av eigedom og eigeformer, t.d.: eigedom som ideologi, eigedom som maktfordeling, eigedom som styringsinstrument.

På ingen av desse områda kan det presenterast enkle og greie svar. Ikkje eingong spørsmålet om kva eigedom er for noko har eit enkelt svar.

Både striden omkring copy-rettar på programvare¹ for datamaskinar og striden om innføring av DAT (digital audio tape) som konkurrent til CD-platene, illustrerer dette på meir enn ein måte.

Programvare for datamaskinar er eit relativt nytt produkt i historisk samanheng. Dei første maskinane vart selde med enkel standard programvare inkludert. Ville kunden ha meir programvare måtte vedkommande skrive den sjølv. Det tok likevel ikkje lang tid før det dukka opp personar og bedrifter som laga og selde programvare tilpassa spesielle problem. Det kjedelege var at programvaren så lett kunne kopierast frå magnetband til magnetband. Når dei første få eksemplara var selde, byrja piratkopiane å fylle resten av marknaden. Dei copyrettane som var utvikla for skriftleg materiale var det heller lite hjelp i av to grunnar. For det første var ikkje programvara trykt på papir og for det andre kunne storparten av teksten i programmet endrast utan at det synlege resultatet av programvara vart endra. På den andre sida kunne ulike menneskje uavhengig av kvarandre skrive program som utførte identiske oppgåver. Det synlege resultatet av programma var det samme.

Etter kvart som kostnadene ved programutvikling vart større vart det viktig for samfunnet å sikre at dei som la ned arbeid i programutviklinga også kunne hauste ei rimeleg inntekt frå dette. Men kva skulle få rettsvern? Den opphævelege programteksten? Kva då med program der nokre får linjer var endra? Var det det synlege programresultatet som skulle vernast? Kva då med andre som ville løyse samme oppgåva på ein annan måte?

¹ Striden om copyrettar på programvare dreia seg særleg om kva ein eigentleg hadde copyrett på: var det programkoden eller var det produktet.

Eit sentralt problem her er korleis einskildmenneskje ter seg i høve til programvare dei har bruk for, men ikkje vil betale for å få bruke. Det verkar ikkje som folk opplever kopiering som eit like alvorleg lovbrøt som å ta eit eple frå fruktdisken sjølv om verdien skulle vere både 100 og 1000 gonger høgare. Litt av det samme problemet finn vi i tilhøvet til kopiering av bøker og artiklar. Dei kulturelle normene som vernar eplehagane til folk verkar ikkje i høve til kopiering av programvare og bøker. Ein av grunnane er vel at vi ikkje heilt ser kven som vert fattigare når vi kopierer.

Striden omkring innføring av DAT-teknologien er knytt til problemet med vern av copy-rettane til musikk. DAT-teknologien gjer det mogeleg å kopiere musikk med samme kvalitet som originalutgåver og installert i kasettspelarar kan alle setje igang piratkopiering. DAT kom som svar på og konkurrent til CD-platene. Striden om innføringa av teknologien har først og fremst vore ein strid der multinasjonale firma innan musikkproduksjon og distribusjon i allianse med rettshavarane til CD-plate teknologien har freista å stanse andre storkonsern frå å marknadsføre utstyr med DAT-teknologien inkludert (sjå t.d. The Economist 20. Dec. 1986; Vol.301 No.7477/7478, side 89-90).

Desse stridsområda viser at spørsmålet om kva eigedom er for noko er påverka av teknologisk endring. Før datamaskinen kunne ein ikkje tenkje seg eigedomsrettar i program. Striden viser og at eigedom ikkje er knytt til materien på nokon enkel måte. Kva er materien til eit program? Det er og klart at synet på kva eigedom er for noko, kan påverke den teknologien ein er villig til å ta i bruk. Sidan DAT-teknologien kan gjere det umogeleg eller alt for dyrt å handheve eigarrettar i musikk, bør ein ikkje ta i bruk denne teknologien.

Eit slikt standpunkt har imidlertid fleire interessante sider. Produsentane av DAT er andre enn produsentane av CD. Forsvaret av eigedomsrettane til musikken fell derfor saman med forsvaret av inntektene til CD/LP plate produsentane. Dette er sjølv sagt grunnlaget for striden. Men sidan det dreiar seg om ny teknologi manglar ein rettspraksis i handssaminga av interes-

sene til dei ulike aktørane. Dette gir ny næring til striden samtidig som det vert tydeleg at økonomisk makt vert ein vesentleg ingrediens både i striden om den nye teknologien og som eit resultat av at striden blir avgjort den eine eller den andre vegen.

1.2 KVA ER EIGEDOM?

Mye av det som er tenkt omkring eigedom og ikkje minst daglegspråkets eigedomsgrep er modellert over erfaringar med fast eigedom ("real property" som det karakteristisk nok heiter på engelsk) slik desse har nedfelt seg i kulturen vår. Dette har viktige konsekvensar samfunnspolitisk gjennom den sentrale plassen eigedom har i ulike politiske ideologiar og da sjølv sagt også for planleggingsverksemd og samfunnsstyring. Eg vonar å kunne komme litt attende til dette seinare.

1.2.1 Daglegspråk.

I vanleg presis språkbruk (sjå Snare 1972) er det ikkje noko skilje mellom eigedom og eige. Utsegner som at "Personen A eig P" er ekvivalent med at "P er i A sin eige" og "P er eigdommen til A". - I denne daglegdagse språkbruken ligg det innbakt følgjande føresetnader:

1. A har retten til å bruke P,
2. Andre kan bruke P hvis og berre hvis A gir løyve,
3. A kan avtale med andre spesifiserte personar å føre over permanent eller temporært rettar under 1 og 2,

Saman med desse føresetnadene finn ein også forventningar som er med å gi meining til omgrepet:

4. Straffereglar som seier kva som skjer med dei som grip inn i A sin bruk av P eller som sjølv utan løyve brukar P,
5. Erstatningsreglar som seier når B kan bli pålagt

- å erstatte skade som B har valda på P,
 6. Ansvarsreglar som seier at A kan haldast ansvarleg
 om P er opphav til visse typar skade.

Vi ser med ein gong at desse føresetnadene og forventningane er nært knytt til ein standard brukssituasjon for materielle gjenstandar. Ein kan seie at den daglegdagse oppfatninga av eigedom er "ting-orientert". Eigedom vert tenkt på og omtala som "ting" anten det no er verkelege eller imaginære ting det dreiar seg om.

Men spørsmål og problem står i kø. Korleis går ein fram for å identifisere desse objekta P som er gjenstand for eige og kva for rettar impliserer eigentleg uttrykket eige?

Frå Romarretten har ein i Sentral-Europa omgrepa om eigedom som dominium over ting, det totale herredømmet over tingen. I engelsk "common-law" og også i norsk tingsrett har ein eit omgrep om kløyvd eigedomsrett over tinga (jfr. Robberstad og Rogstads bidrag i del III, kapittel 1 og 2). Engelsk og norsk rett kløyver likevel eigedomsretten på heilt ulik måte. I norsk rett refererer kløyvinga seg som regel til ei deling av eigarrettane etter ressursgrenser medan den engelske kløyvinga går langs funksjonsgrensene for eigedommen, dvs. at i England vil den eine eige grunnrenta, den andre bruksretten og den tredje disposisjonsretten (meir om engelsk rett i Berge 1988).

Ein kan slå fast at "å eige" tyder ulike ting i ulike samanhengar. Å få vite om A at vedkommande eig den fysiske tingen P, er ikkje nok. Vi må ha meir kunnskap om kva A har lov å bruke tingen til.

Men kva ligg det eigentleg i uttrykket å bruke P? Tyder dette det same for alle P (eks. bil vs. hus vs. jordbruksareal?) Sidan alle kan "bruke" vegen, men ingen har lov å ekskludere andre, tyder det at vegen ikkje er eigedom? Korleis står bruksrettar i høve til retten til eit utbytte? Kva er eigentleg skilnaden på offentleg eigedom og privat eigedom?

Dagleglivets språkbruk er tydeleg knytt til ein slags "normal brukssituasjon" som synest vere den individuelle private bruken av varige forbruksgoder. Men som svar på spørsmålet om kva eigedom er for noko, er dette langt frå godt nok.

1.2.2 Juridisk språkbruk.

Vender vi oss til rettslære er det likevel ikkje lettare å få svar på spørsmålet om kva eigedom er for noko. I Grunnlova er det t.d. tale om kva som skal skje om nokon må gi frå seg "rørlig eller urørlig Eiendom". Men kva eigedom er for noko står der ikkje noko om. Enten må det vere sjølv sagt for alle kva eigedom er for noko eller så må det vere slik at lovverket sjeldan har bruk for å vite kva eigedom er for noko eller kven som er eigar i daglegspråkets forstand.


Det er derimot tydeleg at det er ganske viktig kor vidt ein rett kan identifiserast som eigedom eller ikkje. Er ikkje retten eigedom er den heller ikkje omfatta av grunnlova sin paragraf. Alle vil derfor ha interessa av at det dei meiner er rettane deira skal vere eigarrettar. Eit godt døme her er striden om statspensjonane. Ansatte i staten betaler kvart år 2% av bruttoløna si inn til Statens Pensjonskasse og eit anna beløp til Folketrygda. Dersom innbetalinga til staten vert sett på som innbetaleren sin eigedom vil ikkje staten etter grunnlova kunne røre utbetalingane ein arbeider opp rett til. Vert den derimot sett på som ei form for skatt til staten vert pengane statens eigedom og kan forvaltast friare. Da bør t.d. staten kunne samordne pensjonsutbetalingane frå Folketrygda og Statens Pensjonskasse slik dei i dag gjer. Folk flest vil vel ha lett for å sjå på innbetalingane som sin eigedom i analogi med private pensjonsordningar og vil da oppleve staten sine samordningseglar som brot mot rettane deira. Det store spørsmålet er eigentleg om pensjonane er ei form for eigedom.

Vi bør nok ikkje vere overraska over å finne strid omkring spørsmålet om kva eigedom er for noko (sjå også Berge 1988, side 14-18). Og sidan det særleg er eigarrettane sin status i

høve til statens tarv grunnlova tar opp, er det heller ikkje overraskande at striden om kva som er eigarrettar, ofte får form av strid mellom einskilte borgarar og staten. Strids-spørsmål mellom borgarar har oftare som føresetnad at dei er einige om kva eigedommen er for noko, men ueinige om kven som er eigaren. Innan desse to hovudareanane er det at juristane opp gjennom århundra har forma ut omgrep og tenkjemåtar for å handtere eigedom.

I rettsvitskapen fokuserer ein på rettar og plikter av ulike slag og det blir skilt mellom rettar i ting (in rem) og rettar i personar (in personam). Og med ting meiner ein både materielle og immaterielle ting. Daglegspråkets bruk av omgrepet eigedom reflekterer berre eigedomsrettar i ting. Rettar i personar blir ikkje omtala som eigedom.

Sett på spissen og sagt enkelt kan vi seie at rettsvitskapen sitt bilete av eigedom er ei liste som spesifiserer kva rettar og plikter ein person har i høve til spesifiserte objekt. Denne lista definerer ein relasjon mellom ein person og eit objekt og personen sin eigedom er eigentleg denne relasjonen eller meir spesifikt: dei rettane og pliktene som er lista opp. Lovverket vil imidlertid i liten grad spesifisere desse rettane. Det er gjerne meir presist med omsyn på pliktene, men også dei er ofte rundt formulert. Både av omsyn til dei endringane i rettar og plikter ein veit har skjedd historisk, dei ein ventar vil skje framover og dei mange vanskelege grensetilhøve ein har hatt erfaring med, finn ein det føremålstenleg å la spesifiseringa stå ut til ein har ei konkret sak der det er nødvendig.



Figur 1: Eigedomsrelasjonen i juridisk tenking.

Vi får altså ikkje noko klart svar på spørsmålet om kva eigedom er for noko ved å studere lovverket. Det vi finn er visse prosedyrar for å handtere eigedom og for å avgrense det som er eigedom frå det som ikkje er det. Men hjelp til å lage ei liste over kva for objekt, P, personen, A, i prinsippet kan eige er det ikkje meir av i rettsvitskapen enn i daglegspråket.

1.3 MAKT OG EIGEDOM.

Det synest som både daglegspråket og rettsvitskapen har tankar om eigedom som føreset at den er garantert av eit maktapparat. Eigedomsinstitusjonen får konkret form når vi kjenner kva sanksjonar som garanterer at personen A får nyte dei rettane i objektet P eller får oppfylt dei fordringane på personen B som avtalar og lovverk spesifiserer og rettsapparatet garanterer. I velutvikla legale system har denne makta eigentleg to kjelder. Den eine er statsadministrasjonens politi og domstolar, det andre er den ideologiske utforminga og forståinga av kva som er lov og rett for eigedom.

Det er opplagt slik at til nærmare samsvar det er mellom rettsvesenets og folks daglege oppfatning av kva eigedom er for noko og korleis folk kan oppføre seg i høve til eigen og andres eigedom, til enklare er det for rettsvesenet å garantere denne eigdommen. Ideologisk makt eller hegemoni er dermed ein del

av grunnlaget for eigedomsinstitusjonen. Spørsmålet om korleis eigedomsomgrepet endrar karakter opp gjennom historia vil dermed vere nært knytt til utviklinga av og fordelinga av makt i samfunnet og særleg interessant blir det å sjå på korleis ulike grupper med ulikt maktgrunnlag kjempar om det ideologiske elementet.

I det lange løp er det ikkje nok å kontrollere den fysiske makta (hæren) og/eller den økonomiske. Kostnadene ved å forsvare eit eigedomssystem som ikkje er fundert i eller legitimert igjennom ideologi vil, trur eg, i eit lengre tidsperspektiv bli uoverkommelege.

I økonomisk teori om eigedomsrettar er omgrepet transaksjonskostnader viktig. I den samanhengen har ein funne at fordelinga av eigarrettar, særleg mellom private og offentlege institusjonar, påverkar dei totale samfunnsmessige driftskostnadene. Til mindre transaksjonskostnadene er til større er overskotet som kan konsumerast eller reinvestert. Men vi kan og sjå på dette frå ein annan synsvinkel. Gitt ei fordeling av eigarrettar, kan denne garanterast på ulike måtar og med ulike middel. Det kan alt her antydast at ideologi, mellom mange andre ting, er med på å redusere transaksjonskostnadene vesentleg (jfr. Rysstads bidrag i del IV, kapittel 2).

Tilhøvet mellom juss, daglegspråk og makt har også ei anna side. Daglegspråket inneheld klare oppfatningar av at eigedom er eller gir makt, og her skil daglegspråket seg frå jussen. Alt det som gir menneske makt blir i jussen skilt ut som objekt det knyter seg interesser i. Relasjonen går mellom eigar og objekt. Eigedom er spesifikasjonen av rett og plikter i høve til objektet. Prinsippet om likskap for lova gjer det vanskeleg for jussen å gå inn på problemet med at den eigaren som får lovleg garanti for mye eigedom også får mye makt. Jussens omgrep om eigedom gjer det mogeleg å separere makt frå eigedom. Maktaspektet forsvinn ut av syne.

Men i den grad eigedomsideologi legitimerer og lovverk garanterer ein eigerelasjon, blir dette ein kamuflert

makteigenskap ved eigaren og den tingen som er i eige. Ein bør her vurdere om ikkje daglegtalens eigedomsomgrep representerer eit viktig korrektiv til jussens eigedomsomgrep.

Den engelske rettssosiologen Cotterrell(1986) seier det slik:

"..ting-eige oppfatninga av eigedom kan ikkje bli avfeidd som uinteressant fullt så enkelt som moderne "Hohfeldiansk"² lovanalyse antyder. Omgrepet vil vere svært viktig sosialt og ideologisk enda om det har svært avgrensa verdi for juristar i arbeidet med å løyse dei tekniske problema i lovverket."(side 95).

Maktsida ved eigedom er igjen eit felt vi må komme grundigare attende til. Vegen attende går mellom anna gjennom eit studium av korleis økonomisk teori handsamar eigedom. Til skilnad frå juristane er nemleg maktaspektet ein del av økonomen sitt omgrep om eigedom. Men det er andre sider dei har lagt meir vekt på.

1.4 EIGEDOM I ØKONOMISK TEORI.

Medan juristar har handsama eigedom i termar av både rettar og plikter, har økonomane lagt vekt på rettane. Som naturleg synest vere for økonomar, har dei ut frå si fokusering på hushaldet med knappe ressursar, sett på eigedomsinstitusjonen ut frå spørsmålet om effektiv ressursbruk.

Dei amerikanske økonomane Furubotn and Pejovich seier det slik (1974,side 3, mi omsetjing):

"Eigedomsrettar kan sjåast som sanksjonerte atferdsrelasjonar mellom menneske som veks ut av eksistensen til gode og har å gjere med bruken av dei. Desse relasjonane spesifiserer normer for oppførsel med omsyn til goda som alle personar må ta omsyn til i den daglege samhandlinga med andre

² Hohfeldt er i engelsk rettstenking kreditert som grunnleggjaren av omgrepet om eigedom som relasjonen mellom eigar og objekt (Cotterrell 1986, pp.87).

personar, eller ta på seg konsekvensane av å ikkje gjere det. Uttrykket "gode" er her brukt om alt som gir nytte eller tilfredsstillelse for ein person. Dermed, og dette er eit viktig poeng, vil eigedomsrettar i denne tilnærmingmåten referere til alle knappe gode. Omgrepet omfattar ikkje berre rettar over materielle ting (som å kunne selje skrivemaskinen min) men også menneskerettar (som retten til å røyste, til å publisere, osv.). Det rådande systemet av eigedomsrettar i samfunnet er dermed summen av økonomiske og sosiale relasjonar med omsyn til knappe ressursar som individuelle samfunnsmedlemmer har til kvarandre."

Vi ser at også denne tilnærminga til eigedom er basert på visse maktgarantiar. Det er tale om sanksjonerte relasjonar. På same måten som juristane fokuserer økonomane på rettane som eigaren har. Men til forskjell frå juristane sitt abstrakte omgrep om ting som det kan kvile interesse i og plikter i høve til, har økonomane konsentrert seg om rettar til knappe gode. Ressursbruk er økonomisk interessant berre der det er tale om ein knapp ressurs. Dermed blir eigedomsrettane i økonomisk perspektiv eit spørsmål om allokering av disposisjonsrett til knappe ressursar med dei konsekvensar dette har for fordelinga av inntekt og formue på eine sida og makt og utviklingsdynamikk på andre sida.

Eit anna poeng vi skal merke oss her, er at dei knappe goda ikkje berre omfattar materielle goder, men også sosialt definerte og heilt immaterielle goder som t.d. røysterett (Menneskerettserklæringa Artikkel 21 pkt.1) eller retten til statsborgarskap (Menneskerettserklæringa Artikkel 15). Dette er temmeleg fjernt frå daglegtalen si forståing av kva eigedom er for noko. I innleiinga vert menneskerettane omtale som "umistelige rettigheter for alle medlemmer av menneskeslekten". Ordet "umistelig" er her nøkkelen til noko eg meiner er teoretisk viktig. Formuleringa om uavhendelege rettar som tilkjem kvart menneskje peikar på ein fundamental distinksjon mellom ulike typar gode. Dei materielle goda som reint fysisk kan gå tapt eller bli overlatt til ein ny eigar, og dei im-

materielle uavhendelege goda som berre kan tapast gjennom statens aktivitet (eller mangel på aktivitet). Det er forøvrig interessant å merke seg at mellom desse uavhendelege rettane er retten "til å eie eiendom" (Menneskerettserklæringa Artikkel 17 pkt.1) og retten til "beskyttelse av de åndelige og materielle interesser som er et resultat av ethvert vitenskapelig, litterært eller kunstnerisk verk" som ein sjølv har skapt (Menneskerettserklæringa Artikkel 27 pkt.2).

Retten til å eige eigedom og til vern av copyrettar er likevel ikkje knappe goder i vanleg meining av ordet. Knappe er dei berre i den forstand at i einskilde statar finst det grupper av menneskje som meiner seg tent med å nekte andre menneskje desse rettane. For ein økonom vert det interessant å sjå på kva konsekvensar dette har t.d. for økonomisk utvikling.

Modellstudiar av bytte viser t.d. at i høve til ein utgangssituasjon der individ har tildelt ulike mengder og typar av ressursar og der det ikkje vert handheva noko form for eigarrettar ut over det individet sjølv klarer med eiga makt, vil alle tene på at det vert oppretta ein institusjon som kan handheve eigedomsrettar (slik dei er forstått i daglegtalet) til dei ressursane kvar einskild har fått utlevert.

I dette resultatet ser mange økonomar eit sterkt tildriv til framveksten av staten (Cornes and Sandler 1986, side 32-33). Dette kjem vi attende til i eit seinare avsnitt.

Sitatet frå Furubotn og Pejovich seier ingenting direkte om fordelinga av goder. Fordelingsspørsmål er imidlertid sentrale politiske spørsmål og det ville vere meir enn merkeleg om ikkje dette ga seg utslag i spørsmål om fordeling av eigedomsrettar. Også dette temaet må vi komme attende til i seinare avsnitt.

1.5 VIKTIGE KARAKTERISTIKA AV EIGEDOM.

Ser vi attende på daglegspråkets eigedomsomgrep finn vi at eigedom har to viktige eigenskapar: Andre kan stengast ute frå

å nyte eigedommen (føresetnad 2) og eigaren kan føre over permanent retten til sjølv å nyte og retten til å stenge andre ute (føresetnad 3). Prinsippet om at eigaren kan overføre bruks- og eksklusjonsrettane sine permanent, har sitt motstykke i lovverkets prosedyrereglar for å avhende eller tileigne seg eigedom.

I lovverket finn ein imidlertid svært ofte avgrensingar med omsyn til kven ein kan avhende eigedom til (t.d. odelsjord) og visse typar eigedom kan ikkje lovleg avhendast til nokon (t.d. pensjonsrettar, statsborgarskap).

Denne distinksjonen mellom avhendeleg og uavhendeleg eigedom er etter mi meining den eine av to fundamentale karakteristika for eigedom. Den andre fundamentale karakteristikken går på om eigedommen er oppdeleleg eller uoppdeleleg. Eigedommen er oppdeleleg dersom andre interessentar kan hindrast i å nyte den. Dersom andre interessentar kan hindrast i å nyte eigedommen kan den og delast opp i porsjonar, "ting", som i neste omgang kan gjerast til gjenstand for eigedoms-transaksjonar. Kopieringsproblemet vi drøfta ovanfor ligg i grenselandet her. Er det mogeleg å hindre "ulovleg" kopiering?

Ein har i rettsvitskapen funne det nødvendig å handtere "ting" som eigedom sjølv om eigaren ikkje har lov til å ekskludere andre frå godet. Til dømes kan ikkje ein jordeigar etter lova ekskludere andre frå all bruk av jorda si sjølv om dagleglivets tolking av eigedom vel i prinsippet impliserer det. Jordeigaren kan t.d. ikkje nekte folk å nyte utsynet over jorda eller med lova i hand hindre all ferdsel over jorda si.

Skiljet mellom oppdelelege og uoppdelelege gode er også viktig i økonomisk teori og veks fram av diskusjonen av offentlege gode (sjå Cornes and Sandler 1986). Diskusjonen av om det er mogeleg å ekskludere nokon frå tilgangen til visse offentlege gode som t.d. forsvar, viser at for ein viktig klasse offentlege gode er det i prinsippet umogeleg å ekskludere nokon frå godet om det i det heile skal finnast. Denne typen gode vert her kalla eit uoppdeleleg gode.

Ein kan seie at i høve til daglegspråket har ein i rettsvitenskapen etter kvart vorte nøydd til å utvide eigedomsgrepet til å omfatte ting som er uavhendelege og ting som er uoppdelelege. Diskusjonen av offentlege goder i økonomisk teori har eit heilt anna utgangspunkt enn eigedomsteori, men viser vel at det i den praktisk rettslege tilmærminga kan ligge teoretisk interessante dimensjonar (som t.d. oppdeleleg/uoppdeleleg).

Kryssklassifiserer ein "ting" ut frå om dei er avhendelege/uavhendelege eller oppdelelege/uoppdelelege, får ein fire grunntypar av "ting" som kan vere eigedom.

Vi skal seinare vende attende til ein grundigare diskusjon av både dei to eigenskapsdimensjonane og dei fire grunntypene av eigedom.

	avhendeleg alienable	uavhendeleg inalienable
oppdeleleg divisible		
uoppdeleleg indivisible		

Figur 2:- Kryssklassifisering av ein "ting".

Men før vi kjem attende til dette skal vi forfølgje eigedomsgrepet noko grundigare innan ulike samfunnsfag.

2 EIGEDOM I KOMPARATIVT PERSPEKTIV.

Eigedom er eit sentralt samfunnsfenomen. Kvar tidbolk har tenkt igjennom problema kring eigedom og ytt sitt til å endre på kva omrepet står for.

I alle registrerte kulturar finn vi former for bytte og kompleksiteten i samfunnet skal ikkje vere særleg stor før vi også finn former for kjøp og sal. Både bytte og kjøp og sal er

nært knytt til idear om eige eller ei form for råderett over dei elementa som går inn i bytteprosessen. Men i alle samfunn er det også idear om eit skilje mellom dei tinga som kan byttast bort og dei som ikkje kan byttast bort. På same vis finst det idear om kven ein kan bytte med og kven ein ikkje kan bytte med.

2.1 EIGEDOM I HISTORISK OG SOSIALANTROPOLOGISK PERSPEKTIV.

Det har funnest samfunn, og ikkje verken langt vekk eller for lenge sidan, der ein kunne kjøpe og selje menneskje slik vi kjøper og sel dyr. I dagens samfunn er menneskje mellom dei delene av røyndomen rundt oss som ikkje kan avhendast. Dei same samfunna som såg på menneskje som avhendelege "ting" kunne samtidig sjå på jord som uavhendeleg.

Å sjå på jord som uavhendeleg vert ofte sett som typisk for "primitive" kulturar eller det som i nyare tid er kalla "naturfolk". Ei utsegn tillagt ein indianar i forhandlingar med den amerikanske regjeringa, illustrer synet særdeis godt (mi omsetjing etter Reeve, 1986, side 52):

"Så lenge sola skin og vatnet renn, vil denne jorda vere her og gi liv til menneskje og dyr. Vi kan ikkje selje liva til menneskje og dyr: derfor kan vi ikkje selje denne jorda. Den vart lagt her for oss av den Store Ånd og vi kan ikkje selje den fordi den tilhøyrer ikkje oss."

Jorda tilhøyrer "alle". I praksis viser det seg likevel at alle tyder "alle" av ein bestemt sort menneskje. "Alle" er alle dei som fyller krav om medlemsskap i ei viss gruppe. Dei som ikkje var medlemmer av gruppa eller hadde forbrote seg grovt mot gruppa var heller ikkje "menneskje" og kunne følgjeleg gjerast til slavar. Normalt er "menneskje-gruppa" definert i termar av slektskap. Men i mange høve kan "slektskap" opparbeidast slik flyktningar i dag kan opparbeide statsborgarskap. Svært sjeldan tyder "alle" verkeleg alle.

I vår kultur synest det naturleg å sjå på individet som den rette eigaren og vi ser med forundring - om ikkje fiendskap- på samfunn der det er kollektivet som står som "eigar". Likevel skal ein ikkje studere tilhøvet mellom individ, eigedom og samfunn lenge før ein må konkludere med at individuell eige er eit kollektivt definert fenomen like så vel som kollektiv eige er det. Det finst ikkje eit einaste historisk eller sosialantropologisk eksempel på individuell eige av jord der eigaren kan gjere fullstendig som han sjølv vil i bruk eller misbruk av jorda si (Godelier 1984, side 85). Ein måte å seie dette på er at eit eigedomssystem er eit kultur eller eit samfunnsmessig produkt.

2.1.1 Idehistorie og utviklingstru.

I utviklinga av eigedomssystemet i vår eigen kultur står derfor den klassiske filosofiske diskusjonen frå 1700 talet og utover sentralt. Denne diskusjonen hadde gjerne utgangspunkt i ei utviklingshistorie. Den historiske framstillinga av det "opprinnelege", det "naturlege" eller det "urkommunistiske" tilhøvet mellom folk og territorium hadde i den samanhengen ein ideologisk funksjon. Den vart brukt som grunngeving for eit bestemt eigedomssystem burde finnast i samtida. Utviklingshistoria til eigedomssystema var i den samanhengen nært knytt til ein teori om samfunnsutvikling generelt: ingen var i tvil om at utviklinga gjekk lineært framover fra veide- og sankar-samfunn via nomadesamfunn til jordbrukssamfunn og kom til slutt til toppen av utviklinga med den merkantile kapitalismen på 1700-talet og industrikapitalismen på 1800-talet. Den tilsvarande utviklinga av eigedomssystema meinte ein gjekk frå allmenning, til stammeallmenning, til føydal jordeige for å kulminere i den form for privat jordeige som borgarskapet freista innstifte på denne tida. Overgangen fra den føydale jordeiga til den borgarlege kan karakteriserast som ein overgang frå å sjå på jord som individuelt uavhendeleg til individuelt avhendeleg.

Trua på grunnndraga i denne utviklinga har vore rotfest i vår kultur heilt fram til våre dagar. I dag veit ein at ei slik enkel utviklingsline ikkje finst. Det vi freistar å halde fast ved framleis, er ei tru på at det finst eit visst samsvar mellom samfunnsforma og eigedomsgrepet og tenkninga i samfunnet.

Jordeigesystemet er fundamentalt for eit samfunn. Men ser vi på utviklinga av det moderne jordeigesystemet har sporane til å endre jordeigesystemet kome utanfrå, frå utviklinga i andre delar av samfunnet. Utviklinga av eigerelasjonar i andre "ting" enn jord, nye måtar å sjå på rettar og plikter overfor andre menneksje, i høve til ting det knytte seg interesse i, har inspirert til å endre på jordeigerelasjonen. Desse endringane kom til dels under sterk motstand frå dei som faktisk sat som jordeigarar, men slo likevel igjennom.

Ein svært sentral person i nytenkingsarbeidet omkring eigedom på 1700 talet var John Locke (1690, bok 2, kap. 5). Også han tok utgangspunkt i ei "utviklingshistorie". Det blir hevda at både han og andre var inspirert av kunnskap om eigedomssystema til indianerstammer som på den tida tok til å bli kjent via reiseberetningar og andre typer dokument. Denne kunnskapen vart tillagt vekt nett fordi ein trudde på den eintydige utviklingslina frå primitiv til moderne, frå barbar til sivilisert. Denne utviklingstrua går i alle fall attende til klassiske greske skrifter og har vel først i vårt århundre fått ein alvorleg knekk.

2.1.2 Eigedom i ulike kulturar.

Går ein bort frå trua på den lineære utviklinga og byrjar å granske nøgnare korleis eigesystem faktisk har utvikla seg både i "moderne" og i "primitive" samfunn, finn ein så stor varisasjon og så mange overgangar i ulike retningar at ein berre må forkaste dei utgangspunkta som klassisk litteratur på dette feltet bygg på. Det viser seg t.d. at nomade samfunn kan utvikle seg like godt frå fastbuande jordbrukssamfunn som frå

jeger-/sankarsamfunn (Godelier 1984, s.99). I mange samanhengar er det gjensidige tilpasningar mellom nãmadar og fastbuande som gjer dei gjensidsig avhengig av kvarandre. Ser vi på kva tilhøve til territorium som ulike kulturar kan ha så finn Godelier(1984) at det eksisterer nomadekulturar som ikkje har eller gjer krav få noko fast territorium. Dei flytter rundt og leiger beiteområde av dei som gjer krav på territoriet(Godelier 1985, s.86).

Godelier studerer fenomenet eigedom ut frå sambandet mellom samfunn og territorium. Ut frå granskingane sine meiner han å kunne konkludere med at (Godelier 1984 side 75-81, mi omsetjing):

1) "Ei eigedomsform eksisterer berre når den tener som ein regel om korleis ein konkret kan tileigne seg noko av røyndomen. Eigedom eksisterer berre når den kan effektuerast gjennom ein konkret tileigningsprosess."

2) "Reint formelt vil eigedomsomgrepet kunne nyttast om kva som helst av handgripeleg eller uhandgripeleg røyndom: jord, vatn, ei maske, rituell kunnskap, hemmelege magiske formular brukt til å garantere fruktbarhet av planter, dyr eller kvinner, ein rang, namna til dei døde og så vidare."

3) "Reglar om eigedom vil alltid ta form av normative reglar som foreskriv visse former for åtferd medan dei forbyr andre under trussel om straff."

4) "Eit samfunn sine eigedomsreglar vil alltid ta form av eit system som samstundes kviler på fleire ulike, til dels motstridande, men kombinerte prinsipp."

Generelt sett står eit samfunn framfor to problem. Det eine er å tileigne seg fra naturen det samfunnsmedlemmene treng for å reproducere seg. Dette krev ei regulering av relasjonane mellom samfunnet og naturen. Det andre problemet er å fordele mellom individa det gruppa kan tileigne seg i dei høve det ikkje er nok til alle. Dette krev regulering av relasjonane

mellom menneskja. Godelier (1984 s.108-110) finn at eigedomssystemet er sterkare påverka av produksjonskapasiteten, dvs. evna til å tileigne seg levemåten frå naturen, og kulturen, t.d. representert ved slektskapsrelasjonar og organiseringa av samfunnet i grupper, enn av kvalitetar i sjølve naturgrunnlaget.

I utviklinga av komplekse samfunn finn vi trekk som gir opphav både til ekvivalens i høve til tilgangen til goda og faktorar som gir opphav til skilnader. Eit sentralt spørsmål er å fine korleis desse faktorane spelar saman og står i høve til konkrete eigedomssystem.

3 EIGEDOM SOM IDEOLOGISK FENOMEN.

3.1 FILOSOFISK GRUNNGJEVING AV EIGEDOM.

Debatten om eigedom - både akademisk og mellom folk elles - har følgt kulturen vår så langt attende vi kan sjå. Denne debatten, dei grunngjevingane som har vore lagt fram, om kvifor verda er som den er (eller kvifor den bør vere annleis) og kva eigedom er for noko og korleis den vart instifta i verda, har å gjere med produksjonen av ideologi³.

3.1.1 Ideologiproduksjon.

Den moderne akademiske debatten går attende til 16-1700 talet. Dei førande var juristar og filosofar som t.d. Pufendorf, Hobbes, Grotius og Locke.

Grovt sett kan vi alt den tida skilje mellom to argumentasjonsmåtar ut frå kva dei meiner er utgangspunktet: er naturen utan eigar eller er den allmenning?. Den eine tilnærminga, gjerne kalla instrumental eller nytteteninga, går ut frå at frå først

³ Ideologi kan definerast som eit integrert system av idear og verdioppfatningar knytt til spørsmålet om korleis ei viss side av samfunnet faktisk er.

av var det ikkje nokon eigar til noko. Den første som kom og tok tingen i besittelse vart eigar. Dette utgangspunktet førte gjerne inn i tankar om kva for eigeformer som var mest nyttige for folk og samfunn (slik økonomane i dag ser på eigedom). Den andre tilnærmingsmåten, av Ryan(1982) kalla den romantiske eigedomsteorien, tar utgangspunkt i at alle har eige i sin eigen person (dvs. arbeidskrafta) og at naturen i utgangspunktet er allmenning. Dette leier framover til arbeidsteorien om eigedom som vi i dag finn igjen både som bakgrunn for sosialistisk samfunnsteori og som bakgrunn for ein type sosial-liberal kapitalisme. Begge retningane vil truleg måtte vise til John Locke som den store inspiratoren.

Som ein tangent som til dels skjer over desse to argumentasjonsmåtene, finn vi ein tredje som startar med individets fridom som det viktige heller enn eigedom. Men vurderingane av vilkåra for fridomen til folk endar ofte i eit argument for ei eigeform. Dei konkrete forslaga varierer imidlertid enormt med t.d. Marx på eine sida og Jefferson på den andre. (Ein diskusjon av Marx: Se Steinsholts bidrag i denne boka).

Igjen er litteraturen for omfattande til at eg vil våge meg inn på å gi oversikt og samandrag. Nokre konklusjonar hos ein av dei som har vurdert stoffet vil eg likevel ta med (sjå også Steinsholt i del II, kapittel 1).

Den amerikanske filosofen Becker(1977) har gått igjennom det han fann av rettferdiggjeringar av eigedom og kom ut med fire gode argumentasjonsmåtar. To av dei er basert på vurderingar av arbeid, ein er basert på nyttevurderingar og ein basert på vurderingar av politisk fridom.

Han summerer sjølv argumentasjon slik (utdrag frå sidene 100-103).

3.1.2 Arbeidsargument 1 (nyskappingsargumentet).

- 2a. Når arbeid går ut over det som ut frå moralske vurderingar trengst å gjerast for andre, når det gir som resultat noko som elles ikkje ville ha eksistert og når resultatet er noko som andre ikkje taper noko på å vere ekskludert frå, da er det ikkje gale for produsenten å ekskludere andre frå besittelse, bruk, forvaltning og så vidare av fruktene av arbeidet deira.
- 2b. Når det å gi produsentar eigarrettar i fruktene av arbeidet deira er ein forsvarleg måte å ekskludere andre (slik spesifisert i vilkår 2a, da er slike eigarrettar forsvarlege).

3.1.3 Arbeidsargument 2 (fortenesteargumentet).

- 3a. Når arbeidet går ut over det moral krev at folk gjer for andre, fortener folk eit vederlag for den verdi som dette (moralisk tillate) arbeidet produserer. Omvendt fortener dei straff for skade som arbeidet valdar.
- 3b. Det vederlaget og den straffa som er fortent, må stå i høve til verdi og skade produsert og vere tilpassa det arbeidet som er gjort.
- 3c. Når ein i termar av formålet med arbeidet finn at berre eigarrettar i den tingen som blir produsert, er ei passende løn for arbeidet, og når løna som slike rettार gir er proporsjonale med arbeidet som er gjort, så er eigarretten velfortent.
 Når ein i termar av føremålet med arbeidet finn at enten eigarrettar i tingen produsert eller noko anna kan sjåast som ei velfortent løn, så er enten eigarrettane eller eit av dei akseptable alternativa velfortent.
 Når ein i termar av føremålet med arbeidet finn at eigarrettar i tingen produsert ikkje kan sjåast som ei passende løn, eller når løna ved ein slik rett vil gå langt ut over

dei verdiane som er produsert gjennom arbeidet så er eigarretten ikkje velfortent.

- 3d. Alt verditap som skuldast arbeidet må haldast mot arbeidaren som velfortent straff for tapet som er påført. (Straffa må vere proporsjonal med tapet som er påført - passande med omsyn til det føremålet ein kan vurdere det opp mot som eit tap.)

3.1.4 Nytteargument.

- 4a. Folk treng å skaffe seg, besitte, bruke og konsumere visse ting for å oppnå (dei middel som trengst for) ein rimeleg grad av individuell lukke og allmenn velferd.
- 4b. Dersom besittelsen og bruken av desse tinga er usikker, og dersom manglande kontroll over anskaffelse av dei ting folk treng (og ønskjer) gjer at det vert umogeleg (eller usannsynleg) for folk å kunne skaffe seg (dei middel som trengst for å nå) ein rimeleg grad av individuell lukke og allmenn velferd,
- 4c. da vert tryggleik i besittelse og bruk, og kontroll med anskaffelse nødvendig. Men det er umogeleg dersom det ikkje blir garantert av ein institusjon som da vil fungere som ein administrasjon av eit eigedomsrettssystem.
- 4d. Derfor er eit eigedomsrettssystem nødvendig (eller nesten nødvendig), dersom folk skal kunne skaffe seg (dei middel som trengst for å nå) ein rimeleg grad av individuell lukke og allmenn velferd.

Argumentasjonen for den viktige første premissen kan summerast slik:

- (i) Folk treng å bruke og konsumere og å besitte visse ting berre for å kunne overleve (mat, ly, osv.),
- (ii) Folk er målretta; å får stetta denne trongen til målretta handling (ikkje nødvendigvis kva som helst slags mål) krev

konsum, besittelse og bruk av visse råmateriale og forventning om framtidig bruk osv.,

- (iii) Anskaffelse, besittelse og bruk er nødvendig for utvikling av personlegdom, sjølvkjensle, og verdifulle ferdigheter, og også for dei vidare uttrykksmulighetene for personlegdomen, stadfesting av sjølvkjensla og bruken av dei verdifulle ferdighetene.
- (iv) Ein person sin anskaffelse, besittelse og bruk av ein ting kan vere av det gode for andre personar så vel som for den som besitt tingen, og stundom kan den allmenne velferda krevje slik anskaffelse og bruk.

3.1.5 Argument frå politisk fridom.

- 5a. Det kan takast som eit faktum at menneskjelege vesen vil skaffe seg ting, prøve å kontrollere dei, ekskludere andre frå bruken av dei, bearbeide dei og bruke dei som rikdom.
- 5b. Eit effektivt forbod mot slike aktivitetar - dvs. eliminasjon av privat eigedom - ville krevje ein altomfattande og kontinuerleg avkorting av folks fridom som i beste fall er urimeleg og i verste fall vil vere forbode av eksistensen til politisk fridomsrettar som folk har moralsk rett til.
- 5c. Regulering av akkvisisjonsaktivitetane innan noko som i praksis vil vere eit eigedomsrettssystem, er likeins nødvendig for å bevare dei politiske fridomsrettane.
- 5d. Av desse grunnane er eigedomsrettar forsvarlege (rettferdiggjort).

3.1.6 Andre argument som har vore lagt fram.

Frå sosiobiologi og studiet av oppførselen til primatar kan ein argumentere for at aktivitet som å erobre og forsvare personlege rom og familieterritorium saman med innordning i dominanshierarki og bruk av ein inkorporeringsmekanisme (jfr. arbeidsteorien om eigedom), truleg er materielle rammer det vil

finnast visse genetiske tilpassingar til. Desse genetiske og materielle rammebetingelsane kan gjere folk tilbøyelege til å akseptere eit eigedomsrettssystem basert på nødvendigheta av å regulere rettane til dei verdiane arbeidet deira skaper og midla dei treng for å skape desse verdiane.

Denne typen argumentasjon er likevel høgst spekulativ og blir ikkje tillagt vekt av Becker.

3.2 KORLEIS GRUNNGJEV VANLEG FOLK EIGEDOMSRETTAR?

Mye av klassisk eigedomsteori er framstilt som ei forteljing om korleis eigedom vart innstifta da dei første samfunna utvikla seg. Stort sett har "historia" hatt ein ideologisk funksjon og har hatt lite å gjere med kva som faktisk kan ha skjedd i førhistorisk tid. Akademikarane på 1700 talet var like opptekne av å argumentere for eit syn på korleis eigedom burde definerast og organiserast som å seie noko om korleis eigedom faktisk hadde utvikla seg. Som ideologi har det imidlertid klar interesse for dagens situasjon.

Da Newby (et al. 1978) spurte bønder i East Anglia korleis dei kunne rettferdiggjere at dei sat med så mye eigedom fann han nett den same typen argumentasjon som den vi har gitt eit resyme av ovanfor.

Gjennom å klassifisere bruken av eigdommen som anten individuell eller kollektiv og anten til produksjon eller til konsum fann Newby (et al. 1978) fire typar av brukssituasjonar for eigedom (figur 3).

Brukssituasjon I kalla dei kapitalistisk, brukssituasjon II kalla dei individualistisk, brukssituasjon III kollektiv og brukssituasjon IV altruistisk.

Til kvar av brukssituasjonane fann Newby ei argumentasjonsrekke i klassisk eigedomsteori som ligg nær opp til den argumentasjonen som folk sjølve nyttar i dag. Til eigedomsbruk av type I svarar det ein arbeidsargumentasjon av type 1 og 2

hos Becker, til eigedomsbruk av type III svarar det ein nytteargumentasjon. Argumentasjonen som svarar til eigedomsbruk av type II liknar på argumentasjonen til dei som er opptekne av politisk fridom, medan det til eigedomsbruk av type IV finst ein tradisjon innan det romantiske synet på eigedom som legg vekt på forvaltaransvaret.

		EIGEFORM	
		Individuell	Kollektiv
BRUKS SITUASJON	Produksjon	I	III
	Konsum	II	IV

Figur 3: Brukssituasjon for jorda og argumentasjonsmåtar for -eiga.

Argumentasjonsmåtar.

I. KAPITALISTISK BRUKSSITUASJON

- Eigedom er løn for hardt arbeid.
- Eigedom er løn for å ta risiko.

II INDIVIDUALISTISK BRUKSSITUASJON

- Eigedom har same karakter som sko og bilar. Ein vil ugjerne gi frå seg eigedelar ein har slite for å skaffe seg og fått eit forhold til gjennom bruken.

III KOLLEKTIV BRUKSSITUASJON

- Eigedom skaper arbeid og velstand for mange fleire enn eigaren.

IV ALTRUISTISK BRUKSSITUASJON

- Eigaren er egentleg ikkje eigar, men forvaltar for etter slekta.

Dei argument som filosofar og rettslærde fann fram til som gangbar rettferdigging, har altså slått rot mellom folk som brukbare argument når dei skal forsvare eigedommen sin.

Men rettferdigging av eigedom er meir enn berre rettferdigging. Argumentasjonen om kvifor det er rimeleg at ein har visse eigarrettar er også med på å definere kva som er eigedom og ikkje minst er det med på å avgjere kva som er viktige karakteristika ved eigedom. Om vi klarer å følgje denne argumentasjonen finn vi og ein peikepinn om kva folk ønskjer å eige.

Ser vi på denne daglegtalens rettferdiggingssamtale i noko større perspektiv ser vi også ein kulturprosess som er med på å definere kva som er samfunnsmessig eigedom og korleis ulike typar eigedom bør prioriterast i høve til kvarandre. Vi er på sporet av ein prosess som har å gjere både med korleis normer og verdiar blir danna som kulturelle realitetar og med korleis preferansar og prioriteringar i den målretta aktiviteten hos folk ser ut.

Vi er no komne til eit punkt der vi kan sjå at også sosiologien kan ha noko interessant å seie om eigedom.

4 SOSIOLOGISKE OMGREP FOR STUDIET AV EIGEDOM.

Før vi går inn på kva sosiologien kan seie om eigedom skal vi raskt risse opp nokre sentrale omgrep vi må ha med i diskusjonen.

Sosiologien har ikkje i dag noko eintydig verdsbilete styrt av ein eller eit lite tal grunnleggande premisser slik som t.d. økonomien har det. I ulike samanhengar vi derfor sosiologien stå fram som svært mangfaldig. Dei omgrepa som vi skal ta med her er derfor ikkje noko dekkjande framstilling av kva sosiologi er, men meint å vere ein kortfatta oversikt over dei omgrep som synest mest nyttige i dei problema vi vidare skal drøfte.

4.1 SAMFUNNET.

Eit samfunn er lokalisert i tid og rom. Det er samansett av ei befolkning som ut frå plasseringa i rommet har rådvelde over eit visst naturgrunnlag for arbeidet med å skaffe seg ein levemåte. Arbeidet med å skaffe seg ein levemåte har ført til at befolkniga har utvikla ein teknologi for å bearbeide naturgrunnlaget til dei produkt levemåten krev. For å gjere seg nytte av teknologien og for å fordele produkta av arbeidet har befolkninga funne fram til ein organisasjon der einskild-individ får sett rammer for verksemda si som gjer at den passar inn i heile befolkninga sitt arbeid for levemåten.

Befolkning, naturgrunnlag, teknologi og organisasjon har vore kalla det økologiske komplekset (Duncan 1964).

4.2 KULTUR.

Menneskja er ikkje berre arbeidarar for å skaffe seg levemåten. Dei har som regel ei meining om kvifor dei lever, kvifor dei arbeider for nett denne levemåten eller kvifor dei heller vil ha ein annan. Meiningane om livet og grunngjevingane for verksemda er ikkje tilfeldige eller vilkårlege. Dei inngår i system av meiningar og grunngjevingar. Slike system blir av sosiologar omtala som ein kultur. Ein kultur er altså eit system av samfunnsmessig tillærte og formidla standardar for å bedømme goder, kva ein skal tru og korleis ein skal te seg.

Den omfattar også dei symbolske og materielle produkta som kjem ut av den konvensjonelle atferda så langt som desse bidrar til dei prosessane som formidlar eller bestyrkar kulturen.

I praksis kan vi da tenkje på teknologi, organisasjon og dei produkt befolkninga produserer for levemåten sin som om dei har ei tosidig oppgåve. På eine sida har dei som oppgåve å reproducere befolkninga og den levemåten dei har, på andre sida lærer dei opp nye generasjonar i befolkninga og bestyrkar gamle i trua på og meiningane om levemåten deira.

Om kultur kan det seiast mye (sjå Williams 1981). Her skal vi berre kort summere nokre punkt det kan vere nyttig å ha i minnet.

1. Kultur er eit produkt av samfunnet. Den oppstår og utviklar seg gjennom samhandling mellom menneskje.
2. Kultur er tillært. Det er ikkje medfødt, instinktivt eller eit resultat av den biologiske arven.
3. Språk er kulturen sitt første og viktigaste medium. Gjennom språket kan eit barn på relativt kort tid lære det som det tok år for forfedrane å lære.
4. Kulturen er stendig under tilpasning. Men skikkar, oppfatningar og praksis endrar seg sakte i høve til livslengda til samfunnsmedlemmene.
5. Kulturar tenderer til å utvikle seg som eit integrert og konsistent heile (den utgjør eit system).
6. Kulturen aukar i kompleksitet mellom anna gjennom arbeidsdeling som dyrkar fram spesielle ferdigheter og aukar avhengigheta mellom samfunnsmedlemmene.

4.3 AKTØR OG HANDLING.

Befolkning, naturgrunnlag, organisasjon, teknologi og kultur er storleikar som eksisterer uavhengig av einskildindivida. Men ser ein bort frå naturgrunnlaget, vil slike fenomen ikkje kunne eksistere utan individa. Og dersom fenomena skal endre seg må nokon gjere eit arbeid som gir endring. For studiet av samfunnet er det derfor heilt nødvendig med eit omgrep om aktør og om handling.

Aktør er eit abstrakt omgrep for ulike typer av "personar" som finst i samfunnet. Det omfattar menneskjelege individ likeså vel som juridiske personar av andre slag enn menneskje og også kollektive einingar som ikkje er anerkjente juridiske personar. Kravet for å bli rekna som aktør er diffust, men det omfattar evne til å ta avgjerder og ressursar til å gjere noko med avgjerdene. Aktørdefinisjonen er altså knytt til omgrepet handling. Handling blir då dei aktivitetane som ligg mellom ei avgjerd og det tidspunktet då dei mål som ligg implisitt i avgjerda kan samanliknast med resultatet av handlinga.


Aktøren vil i nokre samanhengar kunne utføre handlingar som sett utanfrå kan beskrivast som ulike roller. Rollehandlingane er dels styrt av normer som aktøren meiner finst (som regel med god grunn) for atferd i slike samanhengar, dels er atferda styrt av interesser, verdier, målvalg og strategiske vurdeingar innan ei gitt rasjonalitetsramme. Aktøren er antatt å vere rasjonell i det minste i den grad at han innan dei gitte rammene freistar å maksimere eller oppfylle verdiane sine. Dei gitte rammene er representert ved aktøren sine kunnskapar om dei spesifikke konstallasjonar av befolkning, naturgrunnlag, teknologi og organisasjon som er relevante for aktøren sitt val av handling.

Aktøren vil i mange samanhengar organisere handlingsvala sine i prosjekt. Handlingane er da kjeda saman i sekvensar i høve til ein måltilstand. Rasjonaliteten i dei einskilte handlingane må i slike høve vurderast ut frå prosjektet.

Aktøren vil stendig vere inne i ein læringsprosess. Utvekslingane med omverda som aktøren lever i, gir stendig nye data som styrkjer eller gir grunnlag for å revidere både det verdsbiletet som utgjer rasjonalitetsramma for handlingsvala og dei verdjar og prioriteringar som styrer desse vala.

Når mange aktørar handlar og samhandlar i samfunnet, vil aktivitetane deira, handlingar så vel som prosjekt, aggregere seg til eit mønster som ein utanforståande mellom anna kan kjenne igjen som befolkning, organisasjon, teknologi og kultur. Og i den grad aktivitetane modifiserer naturgrunnlaget må også det reknast med til det samfunnsskapte resultatet av dei ulike individa sine aktivitetar.

Vi kan summere dette i følgjande figur:



Figur 4. Aktørens handlingar saman med andre aktørars handlingar aggregerer og til eit mønster vi kallar kultur og ein samfunnsstruktur som utgjer rammene for den einskilde aktørens handlingar.

4.4 RESSURSAR, PROSESSAR OG STRUKTURAR.

Når aktørar har sett seg mål og skal setje igang eit prosjekt for å få realisert dette målet, vil dei ta med til prosjektet visse ressursar. Dette kan dreie seg om deler av naturgrunnlaget (som jord, vatn, malm etc.), reiskap og kunnskap om bruk av reiskap i ulike ressursamanhengar(teknologi), band til andre aktørar som kan/skal aktiviserast og kunnskapar om korleis ulike aktørar kan aktiviserast og organiserast (organisasjon).

Når fleire aktørar handlar samstundes vil aktivitetane deira kjede seg saman. For utanforståande observatørar vil det vere rimeleg å samle visse typer handlingar, t.d. dei som gjentar seg i regelmessige sekvensar i rom og/eller tid, i knippe og tale om prosessar. Prosessar blir da ein måte å sjå på eller klassifisere dei handlingssystema som formidlar mellom individ og aggregatnivå. Resultatet av ein prosess er reproduksjon eller endring av eit strukturtrekk i samfunnet.

Aktørar må i dei fleste høve samhandle for å få gjennomført prosjekta sine. Når ulike aktørar med ulike prosjekt freistar å få gjennomført prosjekta sine samstundes vil utfallet både for den einskilde og alle andre vere avhengig av om prosjekta

- har mål som heilt eller delvis er i konflikt med kvarandre,
- har mål som er i samsvar med kvarandre eller
- har mål som ikkje rører ved kvarandre.

Der måla for dei ulike prosjekta ikkje rører ved kvarandre, er det ikkje noko problem. Dei ulike aktørane kan realisere prosjekta sine etter planen.

Der ulike aktørar har mål som er av ein slik karakter at ikkje alle aktørane kan få gjennomført sitt prosjekt samstundes eller der prosjekta har ein karakter som gjer at produktiviteten i

prosjekta har negative skalaeffektar⁴, vil det oppstå enten konkurranse om kven som skal (eventuelt først) få gjennomført sitt prosjekt, eller konflikt om korleis tap skal fordelast om prosjekta vert gjennomført samstundes. Desse prosessane kan kallast konkurranseprosessar.

Der måla viser seg å vere komplementære, eller er av ein slik karakter at produktiviteten i prosjekta har positive skalaeffektar⁵, vil det vere grunnlag for samarbeid om gjennomføring av prosjekt og fordeling av produktivitetsvinsten. Desse prosessane kan kallast samarbeidsprosessar.

Samfunnet er grunnlagt på det faktum at i mange vesentlege aktivitetar finst det både komplementaritet og positive skalaeffektar. Reproduksjon, familiedanning og hushaldsbasert produksjon er fundamentale eksempel her.

Samarbeid treng heller ikkje skje i direkte transaksjonar, men gjennom tilpasningar i adferd som t.d. at ulike stammar er til stades i ulike delar av eit felles territorium til ulik tid (Godelier 1984, side 109-110). Diskusjonar av den historiske utviklinga kan ofte tolkast i retning av at samarbeidsprosessane har dominert heilt fram til kapitalismens gjennombrot og framvekst. Svært mange har ut frå det faktum at det kapitalistiske samfunnet var grunnlagt på konkurranse kome til den konklusjonen at samarbeidsprosessane var dømt til å forsvinne.

Det er likevel opplagt at konkurranseprosessane også fanst i tidlegare tider. Høg status og stor ære har det t.d. aldri vore mogeleg å oppnå utan at andre vart sitjande med mindre status og mindre ære.

⁴ Her definert slik: Negativ skalaeffekt har ein dersom to prosjekt gjennomført samstundes gir mindre enn dobbel måløppfylling.

⁵ Her definert som: Positive skalaeffektar har ein dersom to prosjekt gjennomført samstundes gir meir enn dobbel måløppfylling.

Og om konkurranseprosessar i dag er meir dominerande enn dei var tidlegare, er ikkje samarbeidsprosessane borte eller vanskelege å oppdage verken i reproduksjon eller familieliv. Den hushaldsbaserte produksjonen er rett nok borte og erstatta av det ein kan kalle industrisamfunnets produksjonsmåte. Den kapitalistiske utforminga av denne produksjonsmåten har sett visse konkurranseprosessar i system. Men dette har også stimulert visse samarbeidsprosessar. Arbeidarrørsla sin framvekst og innverknad på fordelinga av produktivitetsveksten som den kapitalistiske organiseringa av industriproduksjonen gav, er eit opplagt eksempel.

Dei prosessane som aktørane set i gang, kan altså på det mest generelle planet klassifiserast ut frå om dei er

- konkurranseprosessar, eller
- samarbeidsprosessar.

Ein slik klassifikasjon er mogeleg først og fremst ut frå kva effekt prosessen har på strukturen i den sosiale organisasjonen som held prosessen igang. Konkurranseprosessane vil verke til å auke eller markere skilnaden mellom likemenn (likemenn i den forstand som konkurrentar er likemenn). Konkurranseprosessane produserer vinnarar og taparar.

Samarbeidsprosessane vil verke til å auke eller markere skilnaden mellom dei som samarbeider i høve til alle dei andre. Samarbeidsprosessar vil altså ha som effekt at dei aukar eller markerer (samarbeids) gruppe-solidariteten. Men det er viktig å hugse at dette alltid skjer i høve til dei som ikkje er med i gruppa.

I ein viss forstand kan samarbeidsprosessar seiast å vere primære i høve til konkurranseprosessar: den form for likskap eller likeverd som konkurransen føreset, kan berre skapast gjennom ein føregåande samarbeidsprosess som konstituerer den gruppa sam kan konkurrere⁶.

⁶ Eit grensetilhøve her er den typen krig mellom ulike kulturar som oppstår når den eine eller begge ekspanderer og vil ta territorium frå kvarandre. Dei er like i hungeren for jord, men kan ellers ha vanskeleg for å anerkjenne kvarandre som

Konkurranseprosessar vil utan kontrolltiltak ha lett for å eskalere til altomfattande og total krig. Da er det felles utgangspunktet øydelagt. Ei viktig side ved felleskapa som utgangspunkt for konkurranseprosessar er derfor å regulere konkurransar så dei ikkje eskalerer. Alle vedvarande konkurranseprosessar er derfor svært nøye kontrollert av fellesskapet dei er utgått frå.

Konkurranseprosessar bygg opp skilnader mellom likemenn og samarbeidsprosessar bygg opp grupper av likemenn. I neste omgang, når nye prosjekt skal setjast ut i livet, står dei etablerte posisjonane av likemenn, vinnarar og taparar som ein realitet aktørane må ta omsyn til. Vinnarane har skaffa seg ein "gevinst", ein verdifull ressurs som dei andre er utestengt frå. Dei som ikkje er med i "vi-gruppa" kan ikkje utan vidare dragast inn i eit samarbeid. Dei ulike grupperingar av aktørar som dei sosiale prosessane har skapt utgjer grunnstammen i det som vert kalla sosial struktur.

4.5 Den elementære forma av sosiale strukturar.


Ut frå overståande merknader kan den grunnleggande strukturen i all sosial organisasjon illustrerast som på neste side.

Konkurransen skjer innanfor eit grunnleggande felleskap av konkurrentar og differensierer desse i vinnarar og taparar. Samhandlinga mellom konkurrentane bind dei ulike posisjonane til vinnarar og taparar saman med sosiale band.

Samarbeidsprosessane skjer alle innan posisjonen. Denne posisjonen markerer det store "VI" i høve til dei som ikkje høyrer til i dette felleskapet. Det som bind vi-posisjonen saman med posisjonen utanfor er dermed ei sosial grense.

menneskje. I slike grensetilhøve er berre ein type konkurranse mogeleg: krig utan reglar. Til fleire likskapsarenaer ein finn til fleire typar konkurranse kan ein og finne.

BASISMODELL FOR SOSIAL STRUKTUR
(sett frå stästden til "VI"-gruppa)



Figur 5. Basismodell for sosial struktur (sett fra stästden til "Vi"-gruppa).

4.6 Aggregering av prosessar.

Til ei kvar tid vil eit utal av prosessar vere igang. Dei produserer alle mange ulike typer konsekvensar ved sidan av dei, og i tillegg til dei som aktørane er ute etter i måla sine. Slike konsekvensar er interessante dersom dei rører ved verksemda til aktørar i andre prosessar. Dei blir kalla eksterne effektar og kan vere positive eller negative for aktørgruppene i dei andre prosessane. Dette gjeld både i konkurranseprosessar og samarbeidsprosessar.

Eksterne effektar, slik dei er definert her, vil alltid vere biprodukt eller uintenterte produkt frå ein prosess. Så snart eit negativt biprodukt er identifisert kan ein tenkje seg omorganiseringar som gjer at det negative biproduktet forsvinn og for positive biprodukt kan ein tenkje seg at dei blir ein del av det intenderte produktspekteret. Dette er likevel ikkje

mogeleg for alle biprodukt. Det finst ei viktig gruppe positive eksterne effektar som berre kan oppstå som biprodukt. Dersom ein freistar å setje opp ein organisasjon som direkte og målmedvite skal produsere samhold og solidaritet i ei gruppe, kan ein få til mye rart, men jamnt over vil ikkje samhold vere mellom dei produkta ein kan vise fram. Samhold og solidaritet er i sitt vesen biprodukt frå prosessar som har andre uttalte mål⁷.

Ei anna viktig gruppe eksterne effektar er dei som berre kan identifiserast i sum. Når ein prosess består av svært mange prosjekt som alle produserer små eksterne effektar vil summen av desse kunne stå fram for aktøren som ein ny realitet det må takast omsyn til. Køer og andre former for overbefolkning er kanskje dei mest typiske eksempela her. Kvar brukar legg beslag på ein liten del av kapasiteten til eit system og ekskluderer dermed andre frå denne kapasiteten. Når summen av all bruk nærmar seg grensa for systemets kapasitet, vil kvar ny brukar påverke alle andre gjennom det vi kunne kalle auka friksjon i systemet. Alle aktivitetar tar lengre tid. Lengda på køene står fram for aktørane som ein ny realitet dei må ta omsyn til og endrar dermed handlingsvala. Tilgangen på nye brukarar av systemet vil minke til ein finn ein form for balanse mellom kølengd og ønskje om å bruke systemet.

Sumverknadene eller aggregatet av prosessane er altså sjølv ein del av den røyndomen aktørane må ta omsyn til når dei skal gjennomføre prosjekta sine. Dei er med andre ord ein del av strukturen i samfunnet.

Strukturen i samfunnet er derfor til dels sjølv eit biprodukt av aktørane sine aktivitetar. Men store deler er likevel skapt medvite gjennom organisasjonar.

⁷ Religion er etter mi meining eit godt eksempel på dette.

4.7 MAKT.

Makt er eit like omfattande og mangetydig omgrep som kultur. Nokon enkel og eintydig definisjon har ein ikkje kunna bli einig om. Hernes (1975) knyter maktomgrepet til aktørar, interesser i utfall av handlingar og kontroll over utfall av handlingar. Makta hos ulike aktørar varierer. Den varierer med kva interesser dei har og med kor stor kontroll dei har over ulike utfall og ikkje minst varierer den med kor dyktige aktørane er til bytte kontroll dei sjølve har over utfall andre er interessert i med andre aktørars kontroll over meir interessante (for aktøren) utfall.

Hernes si tilnærming til makt kan seiast å vere "weberiansk" i det den fokuserer på aktørane og handlingane deira. Ser vi på den definisjonen av makt som er gitt av Weber, er det kanskje lettare å sjå at makt har å gjere med å sikre seg at ein kjem ut som vinnar i konkurranseprosessar: "Allment vil vi med 'makt' meine den sjansen ein mann eller eit visst tal menn har for å realisere viljen sin i ei felles handling⁸ sjølv under motstand frå andre som tar del i handlinga" (Gerth and Mills 1946, side 180, mi omsetjing). Makt er altså eit middel til å skape ulikskap.

Eit noko anna perspektiv på makta får vi ved å ta utgangspunkt i ulikskap. Samfunnet som ein verksam realitet kan seiast å vere organisert som eit system av ulikskap. Det dreiar seg om ulikskap i arbeidsoppgåver, levekår og interesser så vel som ulikskap i autoritet og makt. Makt blir i dette perspektivet ei side ved organiseringa av samfunnet og ein integrert del av samfunnsstrukturen. Og sidan makt dreiar seg om å vinne fram i konkurranseprosessar vert det spesielt viktig å sjå på konkurransereguleringane: dei skrevne og uskrevne lovene som gjer at konkurransen ikkje veks til ein altomfattande krig.

⁸ Det engelske uttrykket er "communal action". Vi omset det med "felles handling", men må her tenkje meir på prosjekt eller prosess som definert ovanfor.

Konkurransereglane er skapt av aktørane og det ein har av kunnskap både om historia og om samfunnet i dag, viser tydeleg at konkurransereglane aldri har gitt like store sjansar til alle. Sjølv der alle ved lov er like, er det somme som er meir like enn andre (jfr. *Animal Farm* av G. Orwell). Skilnader i makt, og dermed i evna til å komme ut som vinnar, er med andre ord lagt inn i dei konstituerande reglane for samfunnsverksemda. Maktstilnader og ulikskap synest uunngålege (sjå t.d. Godelier 1984, side 102).

Politisk og ideologisk kamp dreiar seg svært mye om ulikskap: om rettferdig og urettferdig ulikskap og om kva som kan gjerast for å skape større likskap. Mange er villig til å gjere revolusjon for å endre samfunnets konstituerande reglar for å skape større likskap. Likevel er ulikskapen fundamental for sivilisasjonen og ikkje berre som uunngåeleg vonde. Somme studiar, som t.d. Mann (1986) sin argumentasjon i studien "*The Sources of Social Power. Volume 1: A history of power from the beginning to A.D.1760.*", kan lesast som eit argument for at utan maktstilnader og ulikskap ville ikkje sivilisasjonen kunne vokse fram i det heile.

Å konkludere med at ulikskap er uunngåeleg er likevel trivielt og i alle fall til lite hjelp for den som skal organisere samfunnet på ein mest mogeleg fornuftig måte.

Det vi treng er ein definisjon av makt som set oss i stand til å studere presist kva konsekvensar som følgjer av å fordele samfunnsmakta på ein gitt måte. Ein vil da kunne vurdere om det er slik at alle tener på organiseringa eller om det berre er dei få som får makt som tener på det.

Mann (1986) skil mellom fire typer makt: 1) fysisk makt, 2) økonomisk makt, 3) ideologisk makt og 4) statsmakt. Dette er viktige typar, men ut frå diskusjonen ovanfor trur eg det kan vere nyttig å innføre ein distinksjon mellom makt basert på ressurskontroll og makt basert på prosesskontroll. Det vil og vere nyttig å innføre ein femte type makt: makt basert på kontroll av kunnskap (sjå t.d. Hernes 1975, side 100-106).

I Makt gjennom kontroll av ressursar:

- i FYSISK MAKT
- ii ØKONOMISK MAKT
- iii IDEOLOGISK MAKT
- iv KUNNSKAPS MAKT

II Makt gjennom kontroll av prosessar:

- v STATSMAKT

Tabell 1. Typer av makt.

4.7.1 Fysisk makt.

Fysisk makt er basert på kontroll av arbeidskraft: muskelkraft organisert med det mål å kunne "vinne" i situasjonar der den som kontrollerer muskelkrafta møter andre aktørar i konkurranseprosessar. Den som har mest fysisk makt kan da fastlegge kven som skal få gjennomføre prosjektet sitt først eller korleis produktivitetsvekst skal fordelast. Institusjonelt er slik makt i dag å finne i politistyrkar og militære styrkar og er kontrollert av staten.

4.7.2 Økonomisk makt.

Økonomisk makt er basert på besittelse og kontroll med knappe goder. Sambandet til eigedomsgrepet er her opplagt. Når besittelse og kontroll over knappe goder er samfunnsmessig sanksjonert og garantert, er det i vår terminologi tale om eigedom. Eigedom er altså ei form for økonomisk makt. Den omvendte påstanden: at økonomisk makt er det same som eigedom, gjeld ikkje. Forbrytaren som skaffar seg ei formue utan å følgje samfunnets spelereglar får økonomisk makt, men han får ikkje dermed eigedomsrett til formua. I den augneblinken forbrytelsen blir avslørt misser han den økonomiske makta. Historisk er det imidlertid mange nok eksempel på at økonomisk makt er bytt i fysisk makt og endra spelereglar slik at

forbrytaren endar opp som ein respektert rikmann og samfunnstøtte.

4.7.3 Ideologisk makt.

Ideologisk makt er basert på evna til å manipulere og kontrollere kva folk trur på og kva kulturelle verdiar dei lever etter. Institusjonelt er dette først og fremst synleg i religionar. Dei store religiøse leiarane har og stor makt gjennom å påverke kva disiplane deira arbeider for. Dei store verdsreligionane har også vist seg å vere dei mest stabile og tilpasningsdyktige maktstrukturane historia kan vise fram. Ideologisk makt er likevel meir enn berre religion. I høve til eigedom er ideologisk makt interessant om ein set det opp mot økonomisk makt. Det er ikkje nok at ein ressurs er knapp for at den skal kunne gi makt. Den må også bli oppfatta å vere verdifull. Reklame er ei form for ideologisk makt som vert teke i bruk for å gjere folk merksam på kva verdi visse kanppegoder har. Likeeins freistar mange å overbevise folk om kor lite av verdi "mammon" har å tilby. Livets verkelege verdiar finst i andre sfærer av samfunnets verksemd.

4.7.4 - Kunnskapsmakt.

Kunnskapsmakt er basert på besittelse og kontroll med informasjon og kunnskap. Kunnskapsmakt har element som gjer at den kan likne både økonomisk makt og ideologisk makt. Som knapt gode kan kunnskap omsetjast på ein marknad og byttast i økonomisk makt. Men til forskjell frå materielle goder er ikkje verken informasjon eller kunnskap avhendeleg. Den som er i besittelse av kunnskap kan ikkje bli skild frå den og endå leve. Dette gjer at kunnskap på ein heilt annan måte enn økonomisk makt og ideologisk makt kan vere livsfarleg om den utfordrar fysisk, økonomisk eller ideologisk makt. Dette er tydeleg t.d. når det er tale om å avsløre at den økonomiske makta til forbrytarar ikkje er legal. Kunnskap kan likne på ideologisk makt når kunnskapen vert allemannseige. Når alle

veit kva meslingar kjem av, nyttar det ikkje å selje vidunder-mixturar mot meslingar lenger. Men mellom kunnskap og ideologi er det mange glidande overgangar. For kunnskap er ikkje eit absolutt fenomen. Også det er eit samfunnsprodukt basert på visse konvensjonar. Når det ein trudde ein visste viser seg å vere feil og det likevel får leve vidare som rettesnor for handlingane til store mengde menneskje har kunnskapsmakta glidd over til å bli ideologisk makt. Vi finn da gjerne samstundes eit "presteskap" som vil tape makt om den gamle "kunnskapen" vert estatta av ny kunnskap.

4.7.5 Statsmakt.

Staten har i dagens samfunn monopol på fysisk makt. I varierende grad har den også rådvelde over knappe goder, kva folk skal tru på og kva folk skal vite. Staten som aktør og organisasjon har altså mye med ressurskontroll å gjere. Likevel er det fornuftig å skille ut statsmakt som noko kvalitativt anna enn makt som har å gjere med kontroll over ressursar. Dette andre har samband med at staten har evne til å påverke sosiale prosessar. Reint spesifikt vil eg hevde at statens makt har som opphav evna til å organisere sosiale prosessar slik at 1) positive skalaeffektar blir maksimert, 2) negative skalaeffektar blir minimert og 3) interaksjonseffektar mellom ulike prosessar tar form av positive eksternalitetar heller enn negative. Til flinkare staten er til å organisere samfunnet i ein slik forstand til "rikare" vil undersåttane bli. Og til rikare dei blir til vanskelegare vil det vere for dei å klare seg utan staten. Den gode staten vert ei "sosial felle" som "fangar" (sjå Corner og Sandler 1986, side 33) befolkninga gjennom alle dei goda befolkninga sjølv klarer å produsere. Denne effekten får vi sjølv om staten skattlegg ganske hardt. Historisk sett har likevel samanhengen mellom statens reguleringar og innbyggjarane sin rikdom langt frå vore sjølvinnlysande verken for staten eller innbyggjarane. Det har t.d. vore ei gåte for mange korleis folk kunne finne seg i alle statens reguleringar og skattar opp gjennom historia (sjå t.d. Nozick, 1974)

Den fengslingseffekten det kan vere tale om er sjølvstendig viktigast så lenge det finst grensestrøk der staten ikkje eksisterer. Om undersåttane ikkje vil finne seg i staten, kan dei stemme med føttene. Når statsformasjonar dekkjer store deler av landskapet er dette umogeleg. Typisk for dei tidlege sivilisasjonane var det også at statsmakta fort voks til å dekkje heile den effektive "verda" (i tyding av verdsøkonomi, sjå Wallestein 1974, 1981). Utviklinga av statsmakt foregikk ved at "barbarar", folk frå grensetraktene til "verda", gjennom nyvinningar i krigskunsten kunne ta over etter det gamle imperiet. Klarte dei også å forbetre statsmakta kunne dei vekse seg større og sterkare enn det foregåande imperiet. Utvikling av statsmakt i den tyding vi her legg i ordet gjekk da også svært så langsam og berre der kunnskapen om kva som fungerte godt vart lagra i langtlevende institusjonar som t.d. militærapparatet kan ein tale om ein rimeleg kontinuitet.

Etter Romarriket sitt fall tok utviklinga ei ny vending og utvikling av statsmakta skaut fart. Det som skjedde var at det i Vest-Europa dukka opp eit statssystem der konkurranse mellom statsdannelsane førte til at dei som genererte mest statsmakt voks og vart kopiert av konkurrentane. Dette er i alle høve ein måte å tolke nyare granskingar av framveksten til kapitalismen (Baechler, Hall & Mann(eds.) 1988, Mann 1986).

Konkurranse som seleksjonspress har altså ført statsforma i ei retning der statsmakta slik den er definert her blir maksimert. Det er i denne samanhengen viktig å streke under at staten si makt er fundert på aktørane, undersåttane, sin velstand. Staten får makt gjennom å regulere prosessane i samfunnet slik at undersåttane sin velstand veks, samtidig som staten skattlegg undersåttane nett så mye som dette reguleringsarbeidet krev. Reguleringa av samfunnet involverer mellom anna regulering av bruken av fysisk makt (militærvesen, politi), regulering av fordelinga av økonomisk makt (pengar, legaliser-

ing av eigedomsrettar), tilpasning av den ideologiske makta⁹ (nasjonale kyrkjer) og utvikling og fordeling av kunnskap (standardisering av skriftspråk og skolevesen, kunnskapskrav til profesjonar).

Kostnadene ved dette reguleringsarbeidet kan kallast samfunnets transaksjonskostnader. Ein teori om kvifor staten som ein form for systemansvarleg monopolaktør skal stå for desse reguleringar heller enn å overlate dei til frivillige kontraktsavtalar mellom aktørane i samfunnet, hevdar at staten minimerer transaksjonskostnadene og hindrar visse "uløyselege" samarbeidssituasjonar (av typen "fangens dilemma" eller "allmenningens tragedie") i å oppstå. Eigedomssystemet står heilt sentralt idette. Grunnen til det skal vi komme attende til i neste avsnitt. Men det må vere klart at problemet ikkje går på stat eller ikkje stat, men på å skilje mellom dei oppgåvene som staten regulerer rimelegare eller med betre resultat for undersåttane enn dei sjølve kan gjere gjennom frivillige kontrakter.

4.8 KONKLUSJON.

Statsmakt slik vi her talar om den er altså særleg interessant i den samanhengen vi her tar opp: planlegging og samfunnsstyring. Prøving og feiling som utviklingsmetode i statsstyringa fungerer ikkje lenger. Det er verken raskt nok eller treffsikkert nok. Men skal det erstattast med planlegging må vi ha ein teori om kvifor det som fungerer fungerer godt og kva som gjer at det som ikkje fungerer mislukkast. Å sjå på problemet som å dreie seg om å maksimerer positive skalaeffektar, minimerer negative og legg vekt på positive eks-

⁹ Eit viktig poeng hos Mann (1986) er at kristendomen sin universalistiske, spirituelle doktrine utgjorde ei samanbindande og likskapsproduserande kraft i Vest-Europa som gjorde det mogeleg for statssystemet å vekse fram som eit konkurranse system. Konkurranse føreset som vi ser ei viss form for likeverd mellom konkurrentane. Utan dette likeverdsutgangspunktet ville ein neppe vore i stand til å lære av kvarandre anten det no dreia seg om jordbruksteknologi, militær organisasjon eller former for skattlegging.

ternalitetar samtidig som ein freistar fjerne negative, kan vere ein start på dette.

Ut frå det vi har drøfta så langt synest to sider ved eigedoms-institusjonen å peike seg ut som interessante. Den eine sida er den institusjonelle utforminga: regelverket som definerer kva som er eigedom og korleis eigedom skal handterast. Den andre sida er kulturell: kva krefter er det som gjer at det veks fram oppfatningar om kva som er verdifullt nok til å få status som eigedom i samfunnsmessig forstand.

5 INSTITUSJONELL ØKONOMI OG FORDELING AV EIGEDOMSRETTAR.

Mye av den interessante debatten innan økonomiens tilnærming til eigedomsrettane har nettopp gått på utviklingsdynamikken i ulike samfunn gitt ulike eigedomssystem.

Dei har her ein hypotese om at det er ein eintydig samanheng mellom eigedomsrettane si faktiske fordeling og graden av økonomisk vekst i samfunnet. Endringane i eigedomsretts-systemet vil stort sett vere i ei retning som sikrar effektiv bruk av knappe ressursar. Og denne retninga, som skulle sikre den mest effektive bruken av knappe ressursar, går frå felleseige til individuell eige.

5.1 ØKONOMISK UTVIKLINGSHISTORIE.

Overgangen frå eit nomadisk levesett basert på jakt/ sanking til eit levesett basert på husdyrbruk/ åkerbruk vert kalla den første industrielle revolusjonen eller den neolittiske jordbruksrevolusjonen. Det har vore spekulert mye over kvifor og korleis denne revolusjonen kom.

Dei to amerikanske økonomane North og Thomas (1977) hevdar med styrke at det viktigaste ved jordbruksrevolusjonen var at ein "oppdaga" eller "fann opp" eller "utvikla" omgrepet "privat eigedomsrett". Før jordbruksrevolusjonen var land og dyr ein jakta på allmenning. Etter kvart gjorde folkeauken at det vart

knapt om både jord og dyr. Innføringa av private eigedomsrettar og manipulasjon av utforminga av dei, skapte, i følgje det "property rights" paradigmet som North og Thomas arbeider innanfor, ein insentiv-struktur (motivasjon for aktørane i samfunnet) som ga ein heilt ny dynamikk til samfunnet. Produktiviteten voks slik at ein framleis kunne fø den veksande folkemengda.

North and Thomas (1973) har nytta det same perspektivet til å studere framveksten av den vestlege verdsøkonomien etter Romarrikets fall og meiner også der å finne stønad for hypotesen.

Dahlman(1980) viser imidlertid at konklusjonen ikkje kan gjerast så generell. Det er ikkje alltid at privat individuell eige gir den økonomisk sett beste ressursutnyttinga. Korleis eigedomsrettane skal fordelast for effektiv utnytting, er avhengig av den teknologiske og institusjonelle konteksten.

Grunnlaget for økonomane sine teoriar om fordeling av eigedomsrettar, er visse enkle spelteoretiske resonnement som opplagt er rette om ein tar for gitt visse rimelege føresetnader om korleis folk vil oppføre seg under enkle oversiktlege randkrav. Vi skal sjå på desse resonnementa og kanskje etter kvart kunne spekulere litt over kva som skjer om vi gjer randkrava mindre eintydige og oversiktlege.

5.2 SPELTEORETISK VURDERING AV PRIVAT EIGE VERSUS ALLMENNING.

Det best kjende resonnementet frå spelteorien er truleg det som går under namnet "Fangens dilemma". Fangens dilemma står sentralt i all teori om fellesaktivitetar for sjølvstendige rasjonelle aktørar. For studiet av korleis eigedomsrettar skal fordelast vil vi likevel ta utgangspunkt i eit spel som liknar dette. Det har vorte kalla "Knehønespelet" (Hovi 1985) etter den engelske tittelen "The game of Chicken", men vil vel i vår samanheng kunne kallast spelet om allmenningen.

Prototypen til knehønespelet er dei to tenåringane som i kvar sin bil køyrer mot kvarandre begge med EIT hjul på midtstreken. Den som først gir seg og svingar vekk er "chicken" eller ei knehøne på godt norsk.

Reint formelt brukar ein å framstille slike spel gjennom vinstmatriser der vi kan sjå kva kvar av spelarane får i vinst gitt kva strategi motspelaren vel å følgje. For knehønespelet er strukturen i vinstmatrisa slik:

		BILFØRAR B	
		"STÅ PÅ"	SVINGE BORT
BILFØRAR A	"STÅ PÅ"	1 1	2 4
	SVINGE BORT	4 2	3 3

Figur 6. Vinstmatrise for knehønespeilet.

Om begge spelarane "står på" (gasspedalen) utan å gi opp vil dei begge komme ut med æra i behald men med øydelagte bilar. Om dei begge vel å gi seg samtidig har dei og æra i behald og like gode bilar. Dei kjem ut likt utan å ha tapt noko. Om den eine gir seg vil imidlertid den andre skåre eit poeng i status medan den andre taper det. Begge har bilane i behald, men tapet av ære kan i mange miljø vere verre enn ein øydelagt bil. Spelet har dermed lett for å ende opp med tapte ressursar.

5.2.1 Spelet om almenningen.

Strukturen i spelet om allmenningen er nett den same som i knehønespelet. La oss berre endre litt på overskriftene:

		KVEGBARON B	
		"FLEIRE DYR"	"UENDRA DYRETAL"
KVEG-BARON A	"FLEIRE DYR"	1	2
	"UENDRA DYRE-TAL"	4	3

Figur 7. Vinstmatrise for spelet om almenningen.

Føresetnaden for spelet er at det er felles beitemark mellom A og B og at det ikkje finst overordna makter som kan tvinge dei to til å halde kvegflokken til ein bestemt storleik. La oss gå ut frå at det er berre dei to som deler ein bygdeallmenning. Ut frå storleik og naturgrunnlag er det eit øvre tak på talet av dyr dei kan ha i allmenningen. Frå gammalt av har dyretalet vore delt med tre (hundre) på kvar. Men i den nye tida som er i frammarsj (individualismen og marknadsøkonomien) har ein av dei funne at det jo ikkje er noko til hinder for å auke talet på dyr. Den andre kvegeigaren kan da velje om han vil redusere talet av dyr ("svinge til sides") for å halde produksjonen ved like eller svare med å auke sitt tal på dyr ("stå på"). Slik randkrava er sett opp vil rimeleg fornuftige folk svare med å auke talet på dyr. Overbeiting og samanbrot i økologien vil etter ei tid gi begge mindre enn om dei samarbeidde om å

fordele talet av dyr. Derfor vert spelet om allmenningen gjerne til allmenningens tragedie (The Tragedy og the Commons: Hardin 1968, sjå også Berge 1986). Hardin konkluderer: "Freedom in a commons brings ruin to all."

Konklusjonen til økonomane er at sidan det er all grunn til å rekne med at folk er interessert i maksimalt utbytte så vil dei komme saman for enten å fordele talet på dyr seg imellom eller dele opp bygdeallmenningen i to beiteområde. For å vurdere om dei bør velje eit styringsorgan som kan fordele talet på beiterettar eller om ein i staden skal dele beitelandet nyttar økonomen omgrepet transaksjonskostnader.

5.2.2 Transaksjonskostnader.

Å regulere verksemda til ulike aktørar er aldri gratis. Det kostar å finne ut kor mange dyr som maksimalt kan overleve i eit område, det kostar å forhandle fram ei fordeling av beiterettar og ikkje minst vil det koste å halde oppsyn med at alle etterlever dei vedtekne kvotane. Det kan argumenterast for at det både er enklare og billigare å fordele areal, sette opp og inspisere gjerde enn å administrere eit fellesbeite - i alle høve om fellesbeitet er stort og/eller talet på brukarar er stort. Ut frå denne vurderinga kjem hypotesen om at ikkje berre vil samfunn med privat eigedomsrett til knappe ressursar vere økonomisk meir effektive enn andre, men i utviklingshistoria har aktørar nokså konsistent gått inn for å konstruere slike eigedomsinstitusjonar at den økonomiske effektiviteten er maksimal (jfr. Rysstads bidrag i del IV, kapittel 2).

Dette var perspektivet for North og Thomas i studiane deira av den neolittiske jordbruksrevolusjonen og framveksten av den vestlege sivilisasjonen etter Romarrikets fall. Eit alternativ eller supplement til trua på den superrasjonelle institusjonskonstruktøren kan vere å sjå på mekanismar som allmenningens tragedie som ei form for seleksjonspress analogt til fertilitet som seleksjonspress i biologien. Begrensa rasjonalitet saman med små komparative føremoner vil over nokre

hundreår kunne akkumulere seg til same resultat som ein super-rasjonell skapelse.

Seleksjonspresset er imidlertid mye meir komplekst enn berre den enkle allmenningens tragedie. Med utgangspunkt i denne mekanismen og i høve til transaksjonskostnadene bør vi i alle fall ta omsyn til det som blir kalla "uthalar" problemet (hold-out) og gratisspassasjerproblemet.

5.2.3 "The Open Field System".

Vi kan sjå på dette ved å ta utgangspunkt i den amerikanske økonomen Dahlman (1980) sin studie av historia til det jordbrukssystemet som på engelsk blir kalla "The Open Field System"¹⁰. Vi skal samtidig sjå at vurderinga av kva som er den mest effektive fordelinga av eigarrettar er avhengig av institusjonell kontekst.

Idealtypen til dette jordbrukssystemet meiner Dahlman er gitt ved

- 1) Det er basert på ein landsby der jorda er delt inn i to kategoriar: åker og utmark.
- 2) Åkrane er delt inn i mange små teigar. Åkrane har individuelle eigarar som regel med mange åkrar på kvar eigar. Åkrane til kvar eigar er godt blanda saman med åkrane til dei andre.
- 3) Utmarka er felleseige for alle innbyggjarane i landsbyen. Utanforståande har ingen rettार til felleseiga.
- 4) Produksjonen er retta mot sjølvforsyning med korn og husdyrprodukt som dei viktigaste produkta.
- 5) Dyra har individuelle eigarar, men blir gjette av felles gjetar og nyttar fellesbeitet. Åkrane blir nytta som beite vår og haust. Pløying og hausting er ofte fellesarbeid, medan arbeidet innimellom som regel var meir individuelt organisert.
- 6) Landsbyen har eit styringssystem. Oppgåvene er i det minste å avgjere talet på beitedyr og bruk av utmarka, fastsetje tider

¹⁰ I praksis kan vi seie at dette jordbrukssystemet var det dominerande i England frå noko etter Romarrikets fall og fram til om lag midten av det attande hundreåret. Restar av det eksisterte fram mot slutten av førre hundreåret.

for pløying, såing og hausting og godkjenne kjøp og sal av åkerteigar.

Ut frå dei randkrav som er gitt ved naturgrunnlag og målsetjing (sjølvforsyning) meiner Dahlman å kunne vise at dette jordbrukssystemet er meir effektivt enn alternativet med privat eige av alle areal. Argumentasjonen er basert på at det er monalege stordriftsføremoner i kvegbruket, men ikkje i åkerbruket.

5.2.4 Uthalarspelet ("hold-out").

For å forklare dei mange små åkerteigane nyttar Dahlman omgrepet "uthaling". I teoriar om fellestiltak som alle vil tene på dukkar det opp eit problem som har å gjere med korleis ein bør handtere vriompeisen dersom det er slik at ei avgjerd om å gjennomføre tiltaket er avhengig av at vriompeisen er med på avgjerda.

Vriompeisen som ikkje vil vere med på fellestiltaket - eller som i alle høve let som han ikkje vil - vil oftast kunne kjøpast til samarbeid gjennom ein ekstrapremie som dei andre betaler til han. I verste fall - om vriompeisen er uthaldande nok - kan han ta ut storparten av vinsten som fellestiltaket gir og ein står i fare for å måtte gi opp heile fellestiltaket sjølv om det samfunnsmessig vil vere særst lønsamt. Frå dette kjem namnet på problemet.

Dette problemet kunne dukke opp i "the Open Field System" dersom ein vriompeis av ein bonde ikkje ville vere med på fellesbeiting av åkrane før såing og etter hausting. Ved å gjere åkerjorda til kvar bonde til mange små teigar sikra landsbyen seg at kostnadene for vriompeisen som ville trekkje seg ut av fellesskapet gjennom t.d. å gjerde inn åkrane sine, ville bli så store at trusselen om å trekkje seg ut ikkje ville vere truverdig. Uthaling ville dermed ikkje vere ein trussel mot fellesavgjerdene. (I tillegg kan det gjevast fleire andre argument for teigdelinga som tilleggsforklaring.)

Problemet med uthalaren er likevel alltid potensielt til stades kvar gong det skal formast ein institusjon som krev fellesavgjerder.

Om no vriompeisen i mange høve lar seg kjøpe for ein premie som framleis gir dei andre ein vinst av tiltaket må vi igjen dra inn omgrepet transaksjonskostnad. Det er jo ikkje gratis å forhandle fram kontrakten og overvake den så den blir halden. I mange høve vil ein finne at når ein tar omsyn til transaksjonskostnadene vil heile vinstmatrisa endre karakter.

Går vi attende til knehøne-spelet og endrar litt på overskriftene kan vi ha følgjande vinstmatrise:

	INDIVIDUELL STRATEGI	SAMARBEIDS STRATEGI
INDIVIDUELL STRATEGI	1 1	2.9 4
SAMARBEIDS STRATEGI	4 2.9	3 3

Figur 8. Vinstmatrise for spelet om allmenningen dersom uthalaren skal få sin premie.

Vi kan tolke denne matrisa som at i "naturtilstanden" vil kvart individuelt hushald kunne produsere mat til eitt hushald. I landsbyen vil kvart hushald, gjennom samarbeidet, kunne produsere mat nok for til tre hushald i gjennomsnitt. Hvis no vriompeisen dukkar opp og finn at han kan trekkje ut ei avgift av dei andre for å vere med, kan han komme ut med nok til 4 hushald medan dei andre må nøye seg med t.d. 2.9.

5.2.5 Skatt for å dekke transaksjonskostnader.

No skal det også betalast for transaksjonskostnadene og landsbyen finn kanskje at det må gjerast gjennom ein progressiv skatt for å ta attende noko av det uthalingsspelaren klarte å få ut av dei andre.

	INDIVIDUELL STRATEGI	SAMARBEIDS STRATEGI
INDIVIDUELL STRATEGI	1 1	2 2.5
SAMARBEIDS STRATEGI	2.5 2	2 2

Figur 9. Vinstmatrise for spelet om almenningen dersom uthalaren skal få sin premie og transaksjonskostnader, skal betalast med progressiv skatt.

Vi ser at samarbeid framleis er lønsamt og uthalingsspelaren kjem ut med ein gevinst.

5.2.6 Gratisspassasjeren.

No kan det vere at den lure vriompeisen som fann på uthalings spelet ser litt på dette med skattar. Kanskje kan han lure seg unna skattebetalinga, men endå nyte godt av fellestiltaka? Om han finn ein måte å vere gratisspassasjer på slik at han slepp å betale skatt, må sjølv sagt dei andre betale noko meir i skatt. Vi kan da finne følgjande vinstmatrise:

	INDIVIDUELL STRATEGI	SAMARBEIDS STRATEGI
INDIVIDUELL STRATEGI	1 1	1.8 4
SAMARBEIDS STRATEGI	4 1.8	2 2

Figur 10. Vinstmatrise for spelet om almenningen dersom uthalaren skal få sin premie, transaksjonskostnader skal betalast med progressiv skatt og gratispassasjerar dukkar opp.

5.2.7 Mange gratispassasjerar gir eit nytt spel.

Det går kanskje bra for den første gratispassasjeren. Men etter kvart som slekt og vener finn fram til liknande strategiar, må skattebøra på dei andre aukast både fordi færre betaler skatt og for å styrke kontrollorgana som skal avsløre gratispassasjerane.

Vi kan fort finne at vinstmatrisa kan sjå slik ut:

	INDIVIDUELL STRATEGI	SAMARBEIDS STRATEGI
INDIVIDUELL STRATEGI	1 1	0.9 4
SAMARBEIDS STRATEGI	4 0.9	2 2

Figur 11. Vinstmatrise for spelet om allmenningen dersom uthaleren skal få sin premie, transaksjonskostnader skal betalast med progressiv skatt og mange gratispassasjerar dukkar opp.

Og no er vi inne i ein heilt ny situasjon. Dei som trufast stør fellestiltaka kjem no ut dårlegare enn om dei braut tvert og gjekk over til sjølvberging. Uthalarar og gratispassasjerar saman med nødvendige transaksjonskostnader kan gjere eit lønsamt -fellestiltak tapsgjevande for dei som går inn for fellestiltaket. Det er heller ikkje nødvendig at uthalarar og gratispassasjerar faktisk finst. Kunnskap om at dei vil kunne finnast kan påføre administrasjonsordninga så store kostnader at skatten aleine er stor nok til å endre strukturen i vinstmatrisa og sjølv om ein trur godt om medmenneskja og ikkje freistar gardere seg mot gratispassasjerane og uthalarane er det enda mogeleg at administrasjonen aleine er så ineffektiv og sessursøydande at det aleine fører til kostnader som endrar strukturen i vinstmatrisa.

5.3 KONKLUSJON.

Reint formelt kan vi seie at marginale endringar i dei institusjonelle ordningane har transformert eit allmenningsspel til eit spel med same struktur som fangens dilemma der den rasjonelle løysinga sett frå individets synsstad er den løysinga som gir minst gevinst.

Konklusjonen blir likevel ikkje at samarbeid umogeleg eller vanskeleg lar seg etablere. For å unngå allmenningens tragedie må det nemleg samarbeid til. Men for fellesskapet vert det særdeles viktig å finne fram til rasjonelle og effektive styringssystem som ikkje berre gjer det vanskeleg å spele uthalar og å lure seg med på samarbeidsvinsten utan å vere med å betale transaksjonskostnadene, men også minimerer kostnaden ved administrasjonen av fellestiltaka.

Eg meiner det er grunn til å tru at individuell privat eige av all jorda er den ressursallokeringa som med minst transaksjonskostnader transformerer spelet om allmenningens tragedie til eit kollektivt rasjonelt spel. Eit slikt resultat tyder likevel ikkje at vi alltid bør vente å finne privat individuell eige.

Går vi inn og studerer konkrete historiske samfunn slik Dahlman gjorde med "The Open Field System" i England ser vi at vinsten ved samarbeid kan meir enn vege opp auken i transaksjonskostnader ved at ein vel kontrollsystem som er enkle og rimelege i drift.

Gjennom å fordele åkerjorda på mange teigar og å la landsbyrådet godkjenne alle kjøp og sal av teigar kunne dei hindre uthaling. Gjennom å ekskludere alle utanbysbuande frå å kunne nytte felleseiga samt fastleggje talet på dyr kvar kunne ha på beite unngjekk dei allmenningens tragedie samtidig som dei kunne hauste vinsten av stordrifta i husdyrbruket. Og dreg vi inn ideologi som ei form for sosial kontroll i små samfunn vil politioppgåvene kunne haldast på eit lite minimum.

Den historiske konteksten er dermed viktig. Det opne landsbysystemet er bygd opp av sjølvforsynte landsbyar i eit stort system av liknande landsbyar. Når omverda til den einskilde landsbyen byrjar endre seg vil landsbyen og endre seg. Der større byar veks fram viser det seg at "the Open Field System" fort bryt saman. Rundt London vart det t.d. aldri etablert.

Effektiviteten til landsbysystemet går på å produsere korn og husdyrprodukt i store einsarta kvanta. I større befolkningskonsentrasjonar vil det vere ein marknad for meir spesielle produkt som vanskeleg kan dyrkast effektivt i landsbysystemet. Og når bønder som bryt ut, tener betre enn dei som blir i systemet er endringane, for ikkje å seie enden, nær. "Enclosure" - eller i våre dagar: jordskifte - kom raskt og mye meir smertefritt enn det vanlegvis blir framstilt (Dahlman 1980).

Den økonomiske tilnærmingsmåten til eigedom saman med nokre enkle spelteoretiske resonnement, har gitt oss nokre særskilte viktige reiskapar for å danne oss hypotesar om korleis eigedom utviklar seg og fungerer i samfunnet. Vi kan likevel ikkje seie oss nøgde med det vi no synest vite om eigedom. Tar vi eit steg attende og vurderer økonomane sin måte å sjå på eigedom, må den vel karakteriserast som nokså reinhekle instrumentell nyttevurdering: eigedomsrettar bør definerast slik og fordelast slik at samfunnet får maksimal produktivitet ut av systemet. Dette synest eigentleg nokså fjernt frå det folk til vanleg tenkjer om eigedom og om vi kunne tenkje oss politiske reformer i ei slik retning - i den grad vi ikkje alt lever i den mest effektive av alle verder¹¹ - så er det ikkje vanskeleg å spå at bust ville reise seg i store grupper av folket. Den politiske skiljelina mellom sosialistar og borgarlege blir jo i grunntrekka oppfatta som å gå på kva tryggleik eigedomssystemet har. Vi er dermed over i betraktningar om kva folk tenkjer og trur om eigedom.


¹¹ Mye argumentasjon synest ha dette både som premiss og konklusjon.

6 DEN SAMFUNNSMESSIGE DEFINISJONEN AV EIGEDOMSRETTANE.

6.1 INNLEIING.

Ein sosial prosess definerte vi som visse typar handlingar utført av fleire aktørar i eit visst mønster. Aktørane følgjer visse mål. Måltilstandane som aktørane er ute etter er dermed dei direkte verknadene av prosessen. Vi har også drøfta transaksjonskostnader og indirekte verknader av prosessar som t.d. uintenterte eksternalitetar. Vi skal her freiste å argumenter for to påstandar. Den eine er at dei fundamentale eigenskapane ved måltilstandane i hovudsak er kulturelt definert. Den andre går på at dei uintenterte eksternalitetane og transaksjonskostnadene er nært knytt til fundamentale eigenskapar ved måltilstandane.

KULTURELLE VERDIAR



MÅL FOR AKTØR

Figur 12. Sambandet mellom måltilstandar og kultur.

Figuren over summerer dei generelle samanhengane. Ut frå rammene gitt av samfunnsstrukturen og dei verdiprioriteringar aktøren har lært å gjere bruk av, vil måltilstandar bli valt ut

summerer seg opp til ei ny handlingsramme. Denne blir erfart og gir grunnlag for å vurdere resultatet av prosjektet. Måltilstanden, i den grad den blir nådd vert vurdert og "rettferdiggjort" i høve til dei verdier og prioriteringar aktøren arbeider ut frå. Når det oppstår sprik mellom aktøren sitt opphavslege mål og resultatet av aktivitetane kan to ting skje. Aktøren kan anten freiste å nå målet sitt i eit nytt prosjekt eller dei prioriteringane ein starta ut med kan revurderast slik at ein konkluderer med at det ein fekk var det ein eigentleg var ute etter. "Rettferdiggjeringa" av prosjekt og resultat kan både gå ut på å forklare andre aktørar kva ein har av verdier og å omdefinere verdiprioriteringar.

I første avsnittet vart det introdusert to viktige distinksjonar og det vart antyda at ei kryssklassifisering av eigedom ut frå desse ville gi ein grunnleggande typologi.

I tabellen nedanfor er det gitt eksempel på bruk av grunntypologien på tre ulike område: ulike typer goder slik dei allmennt er definert av samfunnet og ettertrakta av aktørane; dei prosessane som er involvert i produksjon, anskaffelse og konsum av dei ulike samfunnsmessig definerte goda; og endeleg korleis aktøren kan evaluere ulike sider av eit gitt gode slik det framstår som ein måltilstand.

A. BRUKT PÅ AKTØRDEFINERTE MÅLTILSTANDAR

			SAMFUNSSMESSIG DEFINERTE GODER
TYPE I	AVHENDELEG/	OPPDELELEG	materielle goder
TYPE II	AVHENDELEG/	UOPPDELELEG	medlemsskap
TYPE III	UAVHENDELEG/	OPPDELELEG	kunnskap
TYPE IV	UAVHENDELEG/	UOPPDELELEG	felles oppleving

B. BRUKT PÅ PROSESSAR FOR MÅLOPPNÅING

	PRODUKSJON AV GODER	ANSKAFFELSE AV GODER	KONSUM AV GODER
TYPE I	fabrikasjon	bytte/ kjøp	bruk/ forbruk
TYPE II	innmelding	*	deltaking/ forbruk
TYPE III	forskning	læring	planlegging/ bruk
TYPE IV	forestilling	deltaking	**

C. BRUKT PÅ AKTØREN SI EVALUERING AV EIT OPPNÅDD MÅL

			AKTØREVALUERING AV EIT GODE
TYPE I	AVHENDELEG/	OPPDELELEG	bruksverdi
TYPE II	AVHENDELEG/	UOPPDELELEG	statusverdi
TYPE III	UAVHENDELEG/	OPPDELELEG	kunnskapsverdi
TYPE IV	UAVHENDELEG/	UOPPDELELEG	felleskapsverdi

- * For avhendelege/ uoppdelelege goder kan ikkje produksjon og anskaffelse skiljast.
- ** For uavhendelege/ uoppdelelege goder kan ikkje anskaffelse og konsum skiljast.

Tabel 2. Bruk av den grunnleggande typologien.

Slik vårt samfunn definerer ulike goder vil materielle goder bli sett som i prinsippet avhendelege og oppdelelege. Dei vert gjerne produsert ved hjelp av reiskapar og handekraft. Avhending eller tileigning foregår ved kjøp/ sal eller bytte. Aktøren approprierer godet og evaluerer det gjennom å bruke eller forbruke det. For slike goder høver individuelle eigarrettar.

Så snart eit avhendeleg godet er sett som uoppdeleleg vert det omdefinert til eit gruppegode (sjå Corner og Sandler 1986) med former for kollektive eigarrettar. Gruppegoda er tilgjengelege for dei som er "medlemmer i det gode selskap" og alle som er medlemmer har tilgang til heile godet (godet er uoppdeleleg). Eksempel på slike goder er t.d. statsborgarskap, medlemsskap i alle slags foreningar der samvær eller opplevingar er føremålet, tilknytting til offentlege infrastrukturtenester som vatn, kloakk og elektrisitet. "Produksjon" av slike goder krev ein kontrakt mellom kollektivmedlemmene. Samtidig er godet tilgjengeleg så snart kontrakten er inngått (og oppfylt). Å skaffe godet til veie og å få hand om godet er to sider av samme sak. Teoretisk sett er det samme prosessen. For ein gitt aktør vil produksjon og anskaffelse vere identisk med innmeldingsprosedyren. Tileigninga og evalueringa av godet skjer ved deltaking eller forbruk.

Gode som vert sett å vere uavhendelege og oppdelelege er igjen knytt til individet. Kunnskap er det viktigaste dømet på denne typen gode. Det bør her skiljast mellom informasjon og kunnskap. Informasjon er på ein måte materialisert kunnskap. Kunnskap som er koda i eit språk og nedteikna i eit eller anna slag dokument t.d. eit patent, ei bok, eit magnetband, ei laserplate eller ein filmrull. Informasjon slik definert er lett å sjå som noko det kan knyttast eigarrettar til. Til skilnad frå informasjon er kunnskap det som er nedfelt i hukommelsen til ulike individ. Også dette er eit gode som er regulert på måtar som liknar eigarrettar. I første omgang kan det synast underleg å tale om eigarrettar til kunnskaps gode. I vårt samfunn er all lovleg tilkomen kunnskap (spionasje er ulovleg jakt på kunnskap og/eller informasjon) individets eige. Men det finst også døme på samfunn der menneskje som har fått kunnskap gjennom offentleg skolegang er pålagt særlege restriksjonar i bruken av den og i kvart dei får lov å ta med kunnskapen (flytting til utlandet). Kunnskap kan "produserast" gjennom forskning og anskaffast av aktøren gjennom læring. Kunnskap kan brukast som materielle reiskapar kan det. Men den kan ikkje forbrukast slik mat vert forbrukt. Den mest

reindyrka bruken av kunnskap finn vi i planlegginga av prosjekt hos dei ulike aktørane.

Dei goda som best eksemplifiserer uavhendelege og uoppdelelege gode, er opplevingar. Dersom ein har opplevd storstormen kan ein ikkje kvitte seg med opplevinga og det er heller ikkje mogeleg å dele den opp. Å oppleve berre ein bit av storstormen er ei anna oppleving enn å oppleve heile. Dette har nok mye å gjere med menneskjeleg psykologi. Opplevingar har, for aktøren, ei byrjing, eit forløp og ein slutt. Opplevinga er ei eining både for og i hukommelsen. Derfor er den uavhendeleg og uoppdeleleg. Opplevingar kan "produserast". Det finst da aktørar som lagar ei forestilling for eit publikum. For publikum er deltaking både anskaffelse og forbruk av forestillinga. Anskaffelse og forbruk kan ikkje skiljast. Men opplevinga kan like godt vere ei happening, dvs. ei ikkje planlagt forestilling. Da vert produksjon, anskaffelse og forbruk av opplevinga ein integert prosess.

Om opplevingar var det einaste godet som var uavhendeleg og uoppdeleg ville ikkje kategorien vere spesielt interessant i vår samanheng. I paragraf 1 i Grunnlova finn vi imidlertid slått fast at "Kongeriket Norge er et frit, selvstendigt, udeleligt og uafhængeligt Rige." (mi utheving). Kongeriket vert gjerne identifisert som eit geografisk avgrensa område. Dette riket skulle med andre ord ikkje avhendast verken heilt eller i bitar. Studerer ein Odels- og Åsetesretten ser det ut til at eit hovudsiktemål har vore å verne hushaldet eller familien som produksjonseining. Odelsjord skal ikkje kunne avhendast til andre enn dei som er med i ein nærmare definert krins av odelsrettshavarar. Åsetesretten sikrar at jorda ikkje blir delt opp. Restriksjonane er ikkje fullt så strenge for jordbruksjord som for kongeriket, men ein vert sitjande igjen med eit spørsmål om kvifor jord synest å komme i samme kategori som opplevingar.

Eit svar på dette spørsmålet må ta utgangspunkt i at rettsreguleringa av dei ulike typane goder ikkje først og fremst gjeld godet for seg, men relasjonen mellom rettshavaren og godet.

Det er relasjonen mellom aktøren og den oppnådde måltilstanden som er gjenstanden for reguleringa. Dette endrar problemet med kva det er som kan vere eigedom til å bli: kva er det som gjer eit objekt så verdifulle for ein aktør og for samfunnet at det krevst rettsleg regulering av dette tilhøvet.


Dette fører fram til dei evalueringane av måltilstanden som aktøren gjer. Vegen fram mot måltilstanden, aktøren sitt prosjekt, er det Godelier kallar konkret tileigning av røyndomen (sjå avsnitt 2 ovanfor). Det er tale om korleis måltilstanden vert laga, kjem i aktøren sine hender og blir brukt eller forbrukt av aktøren. For evalueringa er bruk/forbruket vesentleg. Det er gjennom bruk ellr forbruk aktøren kan slå fast kvalitetane til målet. I evalueringa er det fire grunnleggande typer vurderingar aktøren kan gjere:

- 1) Aktøren kan vurdere om måltilstanden er teneleg for det formålet den var tenkt. Ein bruksverdi av måltilstanden kan fastleggast.
- 2) Aktøren kan vurdere om måltilstanden markerer eller styrkjer banda som framhevar aktøren som vinnar. Ein statusverdi av måltilstanden kan fastleggast.
- 3) Aktøren kan vurdere om måltilstanden gir ny kunnskap av verdi for framtidig verksemd. Ein informasjonsverdi av måltilstanden kan fastleggast.
- 4) Aktøren kan vurdere om måltilstanden styrkjer grensene rundt eller samholdet i relevante persongrupper. Ein felleskapsverdi av måltilstanden kan fastleggast.

Teoretisk vil med andre ord kvar einaste "ting" eller måltilstand som aktøren har fått rådvelde over, kunne tilføre aktøren visse kvanta av fire typar verdiar: bruksverdi, statusverdi, informasjonsverdi og felleskapsverdi slik det er freista illustrert på figuren nedanfor. Ikkje alle objekt har alle typane verdiar og eit gitt objekt kan ha ulik verdiprofil i ulike kulturar og i ulike tidbolkar.

6.2 AKTØREN SIN VERDIPROFIL.

Vurderingane som ein aktør foretar av måltilstandane , kan vi illustrere med følgjande figur.



Figur 13. Vurderingar av måltilstandane.

Kulturelle verdiar kan vere av fire typar:

TYPE I AVHENDELEG/ OPPDELELEG: bruksverdi,
 TYPE II AVHENDELEG/ UOPPDELELEG: statusverdi,
 TYPE III UAVHENDELEG/ OPPDELELEG: informasjonsverdi og
 TYPE IV UAVHENDELEG/ UOPPDELELEG: felleskapsverdi.

Avhendeleg går på om objektet for klassifiseringa kan ta del i bytte eller kjøp/sal. Oppdeleleg går på om mogelege interes-

sentar i objektet kan ekskluderast frå eller hindrast i å tileigne seg den verdi som ligg i objektet.

Ein slik typologi er ikkje i seg sjølv rett eller gal. Den er nyttig eller unyttig. Eg vonar å vise at ei slik klassifisering vil vere nyttig i dei følgjande diskusjonane.

Grunnen til at aktøren ser målobjektet som verdifullt ligg i aktøren sin persepsjon av objektet. Aktøren ser at objektet inneheld "verdiar" av ulik type og er i stand til å gi ei totalvurdering av kor attraktivt objektet er i høve til alternative målobjekt når det blir teke omsyn til ressursinnsats.

Dei prioriteringane og evalueringane aktøren gjer er imidlertid basert på ein kontinuerleg lærings- og sosialiseringsprosess. Evalueringane den einskilde gjer vert stendig sett på prøve gjennom utfordringar frå konkurrentar og samarbeidspartnarar. Dei må rettferdiggjeras. Dei vektene som aktøren legg på verdiar av ulik type kan såleis omtalast som aktøren sin verdiprofil. I tilhøvet mellom aktøren og porteføljen av opplevde verdiar kan fleire fenomen reknast å eksistere. Med gitt vekt for ein type verdi vil vi rekne at den marginale nytten av denne typen verdi vil minke med aukande mengd av verdien. Til større mengd av ein type verdi aktøren har, til sterkare vil rettferdiggjeringa av ei høg vekt til denne verditypen bli. Dersom ulike aktørar har ulik verdiprofil vil begge kunne tene på å bytte målobjekt. Men til meir einsarta (universell) kulturen vert til vanskelegare er det å få til store fortener på bytte. I den grad det er mogeleg å rekne mengd av verdiar vil forløp av tid gjere at veriane forvitrar. Ein portefølje av verdiar vil ikkje utan aktiv innsats kunne reproduserast frå ein periode til den neste.

Eit anna viktig punkt er den samfunnsmessig definerte relasjonen mellom målobjektet og aktøren. Denne relasjonen er definert i høve til dei kulturelle verdikategoriane. Dersom eit målobjekt som t.d. eit gardsbruk blir sett som berar av uavhendelege verdiar vil den juridiske reguleringa i form av

rettar og plikter ta omsyn til dette. Eigaren vil ikkje stå fritt til å avhende gardsbruket.

Dette siste er ein vesentleg påstand og knyter sambandet mellom samfunnet og aktøren. Evlueringa av måltilstandane er nemleg så langt frå noko som skjer i einsemd. Evalueringa er eit kulturprodukt. Prinsippa for evalueringane er ein del av den tillærte kulturen og blir stendig modifisert gjennom det vi kan kalle rettferdiggjeringar.

Rettferdiggjeringane skjer både i konkurranse- og i samarbeidsprosesane. Når ulike aktørar skal samarbeide må dei bli einige om kva samarbeidet skal gå ut på (kva mål ein er ute etter og korleis dei skal nåast) og kvifor ein samarbeider (ein er ikkje ute etter samme målet eller ein får meir av målet gjennom samarbeidet). Tid og krefter som går med til samarbeid (transaksjonskostnadene) vert rettferdiggjort gjennom at verdien av resultatet er større enn den ville vore utan samarbeidet. Når aktørane skal konkurrere må dei likeeins etablere at dei alle attrår det samme og ikkje alle kan få det samtidig. Tid og krefter brukt på å slå konkurrenten vert likeeins rettferdiggjort gjennom at den forventa vinsten er tilstrekkeleg mye større enn det ein kan oppnå utan konkurranse.

Kulturproduksjonen skjer her i kommunikasjonen av kva mål ein er ute etter og kvifor. Men den har tildriv frå ulike kantar.

Tilbodssida er viktig. Berre dersom tilbodet er mindre enn etterspørselen vil vi kunne ha konkurranse. Utan konkurranse har vi heller ikkje statusverdi.

Konteksten er viktig både for bruksverdi og informasjonsverdi. For at ein gitt informasjon skal ha verdi må den passast inn i den rette konteksten. Utan dei rette forkunnskapane hos aktøren kan ikkje informasjon omsetjast i kunnskap og har då heller ingen verdi. Informasjonsverdien er strategisk eller kontekstuel fastlagt. For bruksverdi gjeld tilsvarande.

Fordelinga er viktig. Til fleire gruppemedlemmer som kan tileigne seg eit gode med felleskapsverdi og bli einige om felleskapsverdien til sterkare vil gruppa vere bunden saman.

6.3 Den samfunnsmessige definisjonen av eigedom.

Somme av relasjonane mellom aktør og målobjekt vert definert som eigedomsrelasjonar andre ikkje. Å få ein relasjon anerkjent som ein eigedomsrelasjon gir ein ekstra rettstryggleik for relasjonen, men kanskje også ei sterkare regulering i form av plikter knytt til eigedommen.

Problemet med kva for relasjonar som får status som eigedom har vi vore innom i fleire av kapitla ovanfor. I europeisk kultur og i vårt land vert det eit spørsmål om kva som skal til for å få ein relasjon anerkjent som eigedom av lovverk og juridisk system. Men ser vi på dei mange ulike kulturane som antropologar har studert er det klart at det har rot i karakteren av samfunnet. Både teknologi, kunnskap og kultur er viktig og det som utgjør eigedomsrelasjonane i samfunnet vil vere knytt til konkrete prosessar der samfunnsmedlemmer tileignar seg dei delane av deira opplevde røyndom som dei treng for å reproducere samfunnet. Formuleringa "opplevd røyndom" er viktig. Det finst kulturar som har forfedrane sine ånder som ein del av sin opplevde røyndom. Dersom hemmelege formular må nyttast for å skaffe den hjelp frå forfedrane sine ånder som trengst for å få fram årsveksten, så vil også samfunnet verne om og regulere bruken av desse formulara på samme måten som dei vernar om og regulerer bruken av "ting" (som t.d. datamaskinprogram) vi lettare kan kjenne igjen som eigedom.

Men sjølv om vi finn svære variasjonar i kva ulike kulturar definerer som eigedomsrelasjonar og kva slag objekt som inngår i dei, har problemet ei anna og i vår samanheng viktigare side. I førre avsnitt fann vi at utviklingsdynamikken i samfunnet var nært knytt til korleis eigedomsrettane var definert og fordelt.

Knyter vi dette til det som før var sagt om statsmakt er det svært nærliggende å omformulere problemet "kva relasjonar får status som eigedom" til "kva relasjonar bør få status som eigedom og korleis skal dei fordelast".

LITTERATUR

- Becker, Lawrence C. 1977: "Property Rights. Philosophic Foundations" London, Routledge & Kegan Paul
- Baechler, Jean, John A. Hall and Michael Mann (eds.). 1988: "Europe and the Rise of Capitalism.", Oxford, Basil Blackwell
- Berge, Erling. 1986: "Rural eller urban arealbrukskontroll?" pp. 80-97 in Arne Olsen og Asle Selfors(ed.) Fysisk planlegging, (Physical Planning), Lillehammer, Fagbokforlaget, sjå også Notat 83:5, Institute of Applied Social Research, Oslo.
- Berge, Erling. 1988: "Litt om engelsk rettstenking om eigedom", NOTAT 88:7, 20 p., Oslo, Institutt for sosialforskning, ein kortare versjon finst som "Nokre sentrale omgrep i engelsk rettstenking om eigedom." i Kart og Plan, Vol. 48, No. 4, pp. 383-388.
- Cornes, Richard and Todd Sandler, 1986: "The Theory of Externalities, Public Goods, and Club Goods.", Cambridge, Cambridge University Press
- Cotterrell, Roger. 1986: "The Law of Property and Legal Theory. -side 81-98 i William Twining(ed.) Legal Theory and Common Law, London, Basil Blackwell.
- Dahlman, Carl J. 1980: "The Open Field System and Beyond." Cambridge, Cambridge University Press
- Duncan, Otis D. 1964: "Social Organization and the Ecosystem" pp.37-82 in Robert E.L. Faris(ed.) Handbook of Modern Sociology, Chicago, Rand McNally
- Duncan Otis D. 1961: "From Social System to Ecosystem.", pp.123-128 in George A. Theodorson(ed.) 1982 "Urban Patterns. Studies in human ecology.", London, The Pennsylvania State University Press.
- Furubotn, Eirik G. and Svetozar Pejovich. 1972: "Property Rights and Economic Theory: A Survey of Recent literature." Journal of Economic Literature, Vol. 10, pp.1137-62
- Gerth, H.H. and C.Wright Mills. 1946: "From Max Weber: Essays in Sociology.", New York, Oxford University Press, 1974

- Godelier, Maurice. 1984: "The Mental and the Material"
London, Verso, 1986
- Hernes, Gudmund. 1975: "Makt og avmakt.",
Oslo, Universitetsforlaget.
- Hovi, Jon, 1985: "Når knehøner blir flere enn to"
Tidsskrift for samfunnsforskning bd.26,524-546
- Hardin, Garrett. 1968: "The Tragedy of the Commons"
Science Vol 162,pp.1243-1248
- Locke, John. 1690: "Two Treatises of Government",
London, Dent 1986.
- Lundberg, Georg A., Cl. Scag, Otto N. Larsen and
William Catton, Jr. 1968: "Sociology. Fourth
Edition.", New York, Harper&Row.
- Mann, Michael. 1986: "The Sources of Social Power: Vol. 1
From the beginning to 1769 AD.", Cambridge,
Cambridge University Press
- Mill, J.S. 1865: "The Principles of Political Economy" 6th
edition, London, Longman, Green&Co.
- Newby, Howard, Colin Bell, David Rose and Peter Saunders. 1978:
"Property, Paternalism and Power", London, Hutchinson
- North, Douglass C. and Robert Paul Thomas. 1973: "The Rise of
the Western World", Cambridge, Cambridge University
Press
- North, Douglass C. and Robert Paul Thomas. 1977: "The First
Economic Revolution", "Economic History Review", 2d
ser.30,229-41
- Nozick, Robert. 1974: "Anarchy, State, and Utopia.",
Oxford, Basil Blackwell, 1986
- Reeve, Andrew. 1986: "Property",
London, Macmillan
- Ryan, Alan. 1982: "The Romantic Theory of Ownership" i Holl-
owell, P.(ed.) "Property and Social Relations",
London, Heineman
- Snare, Frank. 1972: "The Concept of Property" 1972 American
Philosophical Quarterly, Vol. 9,pp.200-206
- Tawney, R.H. 1921: "The Acquisitive Society",
Brighton, Wheatsheaf, 1982

Wallerstein, Immanuel. 1974: "The Modern World System. Vol.I",
New York, Academic Press,

Wallerstein, Immanuel. 1981: "The Modern World System.
Vol.II.", New York, Academic Press,

Williams, Raymond. 1981: "Culture",
Glasgow, Fontana